



Vestfold  
og Telemark  
revisjon

# Tilpassa opplæring

Forvaltningsrevisjon | Seljord kommune

# Innhold

|                                                                             |           |
|-----------------------------------------------------------------------------|-----------|
| <b>Samandrag .....</b>                                                      | <b>3</b>  |
| <b>1. Innleiing .....</b>                                                   | <b>5</b>  |
| 1.1. Kontrollutvalet si bestilling .....                                    | 5         |
| 1.2. Bakgrunn.....                                                          | 5         |
| 1.3. Problemstilling og revisjonskriterium.....                             | 5         |
| 1.4. Avgrensing.....                                                        | 5         |
| 1.5. Metode og kvalitetssikring .....                                       | 6         |
| 1.6. Kommunedirektøren si fråsegn .....                                     | 6         |
| <b>2. Om Seljord kommune.....</b>                                           | <b>7</b>  |
| <b>3. Overgang frå barnehage til skule .....</b>                            | <b>11</b> |
| 3.1. Revisjonskriterium .....                                               | 11        |
| 3.2. Overgang frå barnehage til skule - data.....                           | 11        |
| 3.3. Revisor si vurdering av overgang .....                                 | 16        |
| <b>4. System og rutinar for tilpassa opplæring.....</b>                     | <b>17</b> |
| 4.1. Revisjonskriterier .....                                               | 17        |
| 4.2. System og rutinar – data .....                                         | 17        |
| 4.3. Revisor si vurdering av system og rutinar for tilpassa opplæring ..... | 29        |
| <b>5. Samarbeid med PPT .....</b>                                           | <b>32</b> |
| 5.1. Samarbeid med PPT-data .....                                           | 32        |
| <b>6. Konklusjonar og tilrådingar .....</b>                                 | <b>36</b> |
| 6.1. Konklusjonar.....                                                      | 36        |
| 6.2. Tilrådingar .....                                                      | 37        |
| <b>Litteratur og kjeldereferansar .....</b>                                 | <b>38</b> |
| <b>Vedlegg.....</b>                                                         | <b>39</b> |
| Vedlegg 1: Kommunedirektøren si fråsegn .....                               | 39        |
| Vedlegg 2: Revisjonskriterium .....                                         | 40        |
| Vedlegg 3: Metode og kvalitetssikring .....                                 | 45        |

## Samandrag

I denne forvaltningsrevisjonen har vi sett på korleis Seljord kommune legger til rette for at elevar i grunnskulen får opplæring som er tilpassa deira evner og føresetnader. Vi har undersøkt følgjande:

- **Har kommunen system og rutinar for å sikre at barna får ein god overgang frå barnehage til skule?**
- **Har kommunen system og rutinar for å tilpasse undervisninga til elevane sine evner og føresetnader?**
- **Korleis er samarbeidet med PPT?**

### Overgang frå barnehage til skule

Kommunen har *Plan for samarbeid om overgang frå barnehage til skule/SFO - barneskule – ungdomsskule i Seljord kommune*. Planen skildrar ulike tiltak gjennom året som skal gjere overgangen mest mogleg smidig. Vår undersøking viser at planen blir følgt. Informasjon om barna som skal begynne, både på individ og gruppenivå, blir gitt til skulane.

For nokre lærarar kan det sjå ut som informasjonsbehovet ikkje blir godt nok dekkja. Informasjonen er viktig for å kunne planlegge og legge til rette før eleven tek til på skulen.

### System og rutinar for tilpassa opplæring

Vi meiner at Seljord kommune ikkje har heilskapleg internkontroll for tilpassa opplæring. Kommunen sitt overordna internkontrollsystem Compilo er i liten grad gjort gjeldande for skulesektoren. Skulane nyttar internkontrollsystemet Moava for å sikre at naudsynte oppgåver gjennom året blir gjennomført som føresett. Etter vår vurdering er dette eit egna verktøy. Skulane har ulike former for reglement, rutinar, malar og skjema. Nokre er felles for skulane, medan andre er lokalt utvikla. Etter vår vurdering bør skuleeigar gjere ei vurdering av kva for type dokument som skal vere gjeldande for heile kommunen, og kva som skal utarbeidast på kvar skule.

Etter skuleåret 2022-2023 har ikkje kommunestyret fått informasjon om læringsmiljøet, læringsresultata og gjennomføringa til elevane i opplæringa i samsvar med kravet i opplæringslova. Kravet om årleg informasjon til kommunestyret gjeld både etter gammal og ny opplæringslov.

Skulane har tiltak for å sikre undervegsvurderingar i skulane. Løpande vurderingar av meistringsnivået til elevane skjer gjennom observasjonar i klasserommet og dagleg kontakt med elevane. Begge skulane har timeplanfesta korte elevsamtalar kvar veke. Skulane gjennomfører planmessig ulike testar og prøver gjennom året. I hovudsak meiner lærarane at resultata frå desse blir nytta i forbetningsarbeid på skulen.

Vår undersøking viser at Seljordskulane har system for halvårsvurderingar og utviklingssamtalar i tråd med kravet i opplæringsforskrifta. På ein av skulane ligge det føre prosedyre/malar for gjennomføring av slike vurderingar, på den andre ikkje. Det kan vere hensiktsmessig å ha felles skriftlege rutinar for dette frå skuleeigars sin side.

Vi meiner skulane i Seljord har tiltak for å vurdere om elevar har behov for intensiv opplæring. Vurdering skjer i den daglege kontakten med elevane og gjennom undervegsvurderingar. Skulane har møter/arenaer der eventuelt avvik frå normal progresjon til elevane og eventuelle tiltak blir diskutert. Skulane har litt ulik praksis med korleis dei gir intensiv opplæring.

### **Samarbeid med PPT**

Seljord kommune har frå 1. januar 2025 blitt med i Midtre-Telemark PPT. Midtre-Telemark PPT er eit vertskommunesamarbeid mellom kommunane Midt-Telemark, Nome og Seljord, der Midt-Telemark er vertskommune. Det er gjort avtale om PPT sin ressursbruk i Seljord og nærvær på skulane og i barnehagane.

### **Bakgrunn, grunnlag og metode**

Vurderingane og tilrådingane våre bygger på sentrale kjelder for revisjonskriterium; lov og forskrift om grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa og rettleiing på Utdanningsdirektoratet sine nettsider.

Vi har ikkje undersøkt arbeidet med tilrettelagt individuelle tilpasning (spesialundervisning).

Metode har vore intervju, dokumentgjennomgang og ei spørjeundersøking hjå lærarar i grunnskulen.

### **Tilrådingar**

Vi rår kommunen til å

- forsikre seg om at lærarane får tilstrekkeleg med informasjon om elevar som skal byrje på skulen, slik at dei kan planlegge og legge til rette før eleven tek til på skulen.
- arbeide for å få meir heilskapleg internkontroll med tilpassa opplæring, under dette oppfylle opplæringslova § 17-12 om evaluering og rapportering til kommunestyret.

Skien, 30. mai 2025

# 1. Innleiing

## 1.1. Kontrollutvalet si bestilling

Forvaltningsrevisjonen er bestilt av kontrollutvalet i Seljord kommune i sak 24/24. Bakgrunnen for bestillinga er plan for forvaltningsrevisjon 2024-27.

Reglane om forvaltningsrevisjon står i kommunelova § 23-2, første ledd bokstav c, jf. § 23-3 og § 24-2 og i forskrift om kontrollutval og revisjon.

## 1.2. Bakgrunn

I samband med vårt arbeid med risikovurderinga for 2024-27 peika leiinga i kommunen på at Seljord brukar mykje ressursar på skule, utan at ein oppnår resultat som står i forhold til ressursbruken.

## 1.3. Problemstilling og revisjonskriterium

Rapporten handlar om følgjande problemstilling:

**Har Seljord kommune etablert system og rutinar som sikrar at elevar i grunnskulen får opplæring som er tilpassa deira evner og føresetnader så tidleg som mogleg?**

Vi har desse underproblemstillingane:

- **Har kommunen system og rutinar for å sikre at barna får ein god overgang frå barnehage til skule?**
- **Har kommunen system og rutinar for å tilpasse undervisninga til elevane sine evner og føresetnader?**
- **Korleis er samarbeidet med PPT?**

Revisjonskriteria<sup>1</sup> i denne forvaltningsrevisjonen er i hovudsak henta frå lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) som tok til å gjelde frå 1. august 2024 og rettleiarar frå Utdanningsdirektoratet. Kriteria går fram under kvar problemstilling nedanfor, og er nærare greidde ut i vedlegg 2 til rapporten.

## 1.4. Avgrensing

Vi har ikkje undersøkt skulane og PPT sitt arbeid med det som i ny opplæringslov (gjeldande frå 1. august 2024) blir kalla individuelt tilrettelagt opplæring. Individuell tilrettelagt opplæring er

---

<sup>1</sup> Det skal alltid vere revisjonskriterium i forvaltningsrevisjon, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 15 og RSK 001. Revisjonskriterium er dei reglar og normer som gjeld på det området vi skal undersøke. Revisjonskriteria er grunnlaget for revisor sine analysar, vurderingar og konklusjonar.

tilsvarande det som i gamal lov blei kalla spesialundervisning. Vi har ikkje undersøkt om krav til arkivering og handtering av personopplysningar er oppfylte.

### **1.5. Metode og kvalitetssikring**

Denne forvaltningsrevisjonen er gjennomført av forvaltningsrevisor Dag Oftung med Kirsti Torbjørnson som oppdragsansvarleg.

Vi har intervjuet tilsette i kommunen, og gjennomført ei spørjeundersøking retta mot lærarar på dei to skulane i kommunen. Vidare har vi undersøkt skriftlege kjelder om til dømes planar, årshjul, rutinar, malar m.m. Vi har henta inn statistikk frå Utdanningsdirektoratet. Det står meir om metode og tiltak for kvalitetssikring i vedlegg 3 til rapporten.


### **1.6. Kommunedirektøren si fråsegn**

Rapporten er presentert i eit møte med administrasjonen i kommunen og sendt til uttale 12. mai 2025, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 14. Fråsegna frå kommunedirektøren har ikkje ført til endring i rapporten. Kommunedirektøren si fråsegn ligger i vedlegg 1.

## 2. Om Seljord kommune

### Organisering

Seljord kommune har slik organisering av kommunalområdet skule og oppvekst:



Kommunalområdet skule og oppvekst er leia av ein kommunalsjef. I Seljord er det to skular, Seljord barne- og ungdomsskule, og Flatdal oppvekstsenter med avdeling skule.

Seljord barne- og ungdomsskule ligg midt i Seljord sentrum. Flatdal oppvekstsenter ligg i bakkane inn under Bindingsnuten. Oppvekstsenteret består av skule (1.-7. trinn), SFO og ei barnehageavdeling.

Seljord barnehage ligg i sentrum, og består av avdelingane Heddali og Tussejuv. Dei har ein felles einingsleiar (som også er styrar i den eine avdelinga). Det er eigen styrar i den andre avdelinga. På Flatdal oppvekstsenter er det rektor på skulen som er einingsleiar for både skulen, SFO og barnehagen. Det er i tillegg styrar i barnehagen.

**Litt statistikk**

I KOSTRA, Statistikkbanken, finn vi nokre nøkkeltal får skulesektoren i kommunane. I tabellen blir Seljord samanlikna med gjennomsnittet i landet utanom Oslo og kommunane i eigen KOSTRA-gruppe. Tala er frå 2023, sidan det pr mai 2025 ikkje ligg føre tal for 2024.

|                                                                                                               | Seljord | Landet u/Oslo | KOSTRA-gruppe 5 |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------|---------------|-----------------|
| Årstimar til spesialundervisning per elev med spesialundervisning (tal)                                       | 244,7   | 146,2         | 162,3           |
| Elever i kommunale og private grunnskular som får spesialundervisning (prosent)                               | 11,6    | 8,1           | 9,7             |
| Elever på meistringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing 8.trinn (prosent)                                     | 65,9    | 64,3          | 63,3            |
| Elever på meistringsnivå 3-5, nasjonale prøver i rekning 8.trinn (prosent)                                    | 65,9    | 64,9          | 65,3            |
| Netto driftsutgifter grunnskulesektor (202, 215, 222, 223), i prosent av samla netto driftsutgifter (prosent) | 26,5    | 23,2          | 22,0            |
| Netto driftsutgifter til grunnskulesektor (202, 215, 222, 223), per innbyggjar 6-15 år (kr)                   | 199 074 | 147 566       | 179 500         |

Kjelde: KOSTRA

Som det går fram av tabellen har Seljord ein høgare del elevar med spesialundervisning enn dei vi samanliknar med. Del av elevar som ligg på meistringsnivå 3-5 på nasjonale prøver viser at kommunen ligg over gjennomsnittet hjå dei vi samanliknar med. Seljord kommune brukte meir ressursar på skulesektoren enn dei vi samanliknar med. Også tidlegare år har dette vore tilfellet.

Norm for lærartettleik seier at det skal vere maksimalt 15 elevar per lærar på 1.-4. trinn og maksimalt 20 elevar per lærar på 5.-10. trinn.<sup>2</sup> I tabellen under vil eit lågt tal bety at det er høg lærartettleik, dvs færre elevar per lærar. Det er lærartettleik i ordinær undervisning som blir brukt som mål på om norma er oppfylt.

Tabell 1 Oversikt over lærartettleik Tal på elevar pr lærar i ordinær undervisning på trinnet. Heile landet, Vestfold og Telemark/Telemark og skulane i Seljord kommune. Skuleåra 2023/24 og 2024/25

|  | Lærartettleik 2023-24 | Lærartettleik 2024-2025 |
|--|-----------------------|-------------------------|
|--|-----------------------|-------------------------|

<sup>2</sup> Norm for lærartettleik gjeld berre offentlege skular.



| Trinn                                          | 1.-4.<br>trinn | 5.-7.<br>trinn | 8.-10.<br>trinn | 1.-4.<br>trinn | 5.-7.<br>trinn | 8.-10.<br>trinn |
|------------------------------------------------|----------------|----------------|-----------------|----------------|----------------|-----------------|
| Heile landet                                   | 13,59          | 16,14          | 17,79           | 13,58          | 16,19          | 17,73           |
| Vestfold og Telemark/<br>Telemark <sup>3</sup> | 13,92          | 16,55          | 18,73           | 13,06          | 15,67          | 16,88           |
| Flatdal oppvekstsenter                         | 9,65           | 18,42          | -               | 10,35          | 16,57          | -               |
| Seljord barne- og<br>ungdomsskule              | 13,84          | 21,27          | 19,16           | 11,65          | 15,22          | 15,63           |

Kjelde: Udir

Grunnskulepoeng er ein samla poengsum som er berekna ut frå alle standpunkt- og eksamenskarakterane på vitnemålet, og dannar grunnlag for opptak til vidaregåande:

Tabell 2 Tal frå Udir sin oversikt over grunnskulepoeng. 10. klassetrinn. Tal for heile landet, Vestfold og Telemark/Telemark og Seljord.

|                                   | Grunnskulepoeng<br>2021-22 | Grunnskulepoeng<br>2022-23 | Grunnskulepoeng<br>2023-24 |
|-----------------------------------|----------------------------|----------------------------|----------------------------|
| Heile landet                      | 43,4                       | 42,4                       | 42,2                       |
| Vestfold og Telemark/<br>Telemark | 42,7                       | 41,5                       | 41,0                       |
| Seljord                           | 42,1                       | 43,8                       | 41,0                       |

Kjelde: KOSTRA

Seljord hadde lågare grunnskulepoeng enn dei vi samanliknar med i skuleåret 2021-2022. I 2022-2023 var det motsett. I skuleåret 2023-2024 låg Seljord under landsgjennomsnittet og på nivå med kommunane i Telemark.

Utdanningsdirektoratet opererer med omgrepet skulebidrag. Skulebidragsindikatoren er ein verdi som er berekna ved hjelp av statistikk. Indikatoren tek omsyn til skilnadene i gjennomsnittlege poeng for skulane som kan kome av at elevane har ulike føresetnader (familiebakgrunn og, for 5.-7. trinn, resultat på nasjonale prøver på 5. trinn).

Skulane i Seljord hadde skuleåret 2023-2024 lågare verdi på måltalet skulebidrag enn landsgjennomsnittet og snittet i Telemark.<sup>4</sup>

Ein negativ verdi på skulebidraget betyr ikkje at elevane ikkje har nokon progresjon i løpet av 1.-4. eller 5.-7. trinn, eller at skulen ikkje har bidrege positivt til læringa til elevane. Ein negativ verdi

<sup>3</sup> I statistikken frå Utdanningsdirektoratet er det samanlikning med kommunane i samanslått Vestfold/Telemark fram til skuleåret 2024/25. I skuleåret 2024/25 er det samanlikna med kommunar i Telemark.

<sup>4</sup> [Skulebidrag ungdomstrinnet | udir.no](#) og [Skulebidrag barnetrinnet | udir.no](#)

indikerer berre at elevane på skulen har hatt lågare progresjon enn andre elevar i landet med tilsvarande føresetnader.

På utdanningsdirektoratet sine nettsider blir det peika på at skulebidraget ikkje fortel heile sanninga om korleis skulen bidreg til elevane si læring. Berekningane har ikkje teke høgd for alle tenkjelege forhold som skulen ikkje rår over. Det er derfor viktig å sjå resultata i samanheng med annan informasjon om skulen i Statistikkbanken, og like viktig, i samanheng med den lokale kunnskapen om elevane som skulen rår over.

### Omgrep i rapporten

Det er nokre endringar i omgrepa frå gamal til ny opplæringslov:

| Omgrep i gamalt regelverk | Omgrep i nytt regelverk                                                                                                                                  |
|---------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Spesialundervisning       | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Individuelt tilrettelagt opplæring</li> <li>• Personleg assistanse</li> <li>• Fysisk tilrettelegging</li> </ul> |
| Tidleg innsats            | Intensiv opplæring                                                                                                                                       |

## 3. Overgang frå barnehage til skule

Har kommunen system og rutinar for å sikre at barna får ein god overgang frå barnehage til skule?

### 3.1. Revisjonskriterium

Til denne problemstillinga har vi greidd ut følgjande revisjonskriterium:

- Kommunen skal ha rutinar for å sikre barna ein trygg og god overgang frå barnehage til skule.
- Skulane skal få informasjon frå barnehagane for å sikre at barna får ein trygg og god overgang.

### 3.2. Overgang frå barnehage til skule - data

#### Kommunen sin rutine

Seljord kommune har *Plan for samarbeid om overgang frå barnehage til skule/SFO - barneskule – ungdomsskule i Seljord kommune*. Planen er frå desember 2014. Planen ligg på kommunen sine nettsider under *Planar og høyringar/sectorplanar/undervisningssektoren*. Planen gjelder for dei to skulane og dei tre barnehagane i kommunen. Både einingsleiar for barnhagane i Seljord og rektorane i skulene peikar på at planen er gamal, og viser til at det er på trappene å revidere planen. Vi får opplyst at arbeidet mest sannsynleg vil vere ferdig til skulestart hausten 2026. I gjeldande plan finn vi skjematisk oversikt over rutinar og tiltak som skal gjennomførast i løpet av eit skuleår, og når det skal skje. Det er også sett opp kven som har ansvar for tiltaka:

| <b>Tidspunkt:</b>          | <b>Tiltak:</b>                                                                    | <b>Formål, innhald:</b>                                                                                                                                                                                                                                                        | <b>Ansvar – initiativ:</b>          |
|----------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------|
| <b>August – september</b>  | Foreldremøte i barnehagen                                                         | Orienterer om samarbeidsavtala mellom barnehage og skule. Informasjon om korleis barnehagane vil arbeide med barna siste barnehageåret og om samarbeidet med skulen/SFO.                                                                                                       | Styrar/<br>pedagogisk leiar         |
| <b>August</b>              | Skulestart. Foreldremøte for 1.klasse i samband med skulestart.                   | Informasjon om skulestart                                                                                                                                                                                                                                                      | Kontaktlærar                        |
| <b>August-september</b>    | Informasjon om innskriving-førskuledag neste skuleår.                             | Skulane orienterer om dato for innskriving og førskuledag til barnehagane.                                                                                                                                                                                                     | Rektorane                           |
| <b>September</b>           | 1. klasse besøker barnehagane der elevane var i fjor.                             | Gjensynsglede og kontakt<br><br>Planlegging og gjennomføring av dagen skjer i samarbeid mellom lærarar og barnehage-lærarar                                                                                                                                                    | Skulen.<br>Samarbeid med barnehagen |
| <b>September</b>           | Tilsette frå barnehagane besøker 1. klasse og SFO ein til to ordinære skuledagar. | Dei tilsette i barnehagen skal bli kjende med tilhøva i skulen og SFO-ordninga som 5-åringane vil møte neste skuleår. Tilsette i barnehage/skule drøftar det dei har opplevd i etterkant.                                                                                      | Barnehagen ved pedagogisk leiar     |
| <b>September - oktober</b> | Møte mellom styrar og rektor                                                      | Evaluerer av planen og gjennomføringa.                                                                                                                                                                                                                                         | <b>Skulen tek initiativ</b>         |
| <b>September – oktober</b> | Foreldresamtaler i barnehagen.                                                    | Informasjon om overgang barnehage – skule. Ta opp rutinar rundt samarbeid og formidling av informasjon. Føresette og pedagogisk leiar blir einige om korleis og kva slags informasjon som blir gitt til skulen. Foreldre må gje sitt samtykke til overlevering av informasjon. | Pedagogisk leiar                    |
| <b>September – oktober</b> | 5-åringane besøker skulen.                                                        | Kommande fyrsteklassingar blir invitert til skulen. Bli litt kjend med og trygg på kommande skulestart og overgangsrutinar                                                                                                                                                     | Rektor                              |
| <b>Oktober</b>             | Samtaler med føresette til barn med enkeltvedtak.                                 | Skriftleg informasjon om enkeltbarn må overførast når det er sett i gang særskilde tiltak i barnehagen eller det er behov for nødvendig tilrettelegging i skulen for å dekke barnets behov.<br>Må få samtykke frå føresette.                                                   | Styrar                              |

|                         |                                                                                                                                |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |                                                                                                                      |
|-------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Oktober</b>          | Kontakt mellom rektor og styrarane om 5-åringane med særskilde behov, som går i barnehagen.                                    | Skulen skal bli informert om eventuelle særskilde behov og ev. bruk av SFO. Viktig å vurdere behov for spesialpedagogisk tilrettelegging så raskt som mogleg ved skulestart. Vurdere tilmelding til PPT.                                                                                                                              | Rektor<br>Styrar og spesialpedagog for førskulebarn må vere med.<br><b>Styrar er ansvarleg for ev. ny tilmelding</b> |
| <b>Oktober-november</b> | Ansvarsgruppemøte for barn med spesielle behov.                                                                                | I dei tilfella det er oppretta ansvarsgruppemøte rundt eit barn, blir rektor invitert til å delta hausten før skulestart                                                                                                                                                                                                              | Ansvarleg for ansvarsgruppa; helsesøster, koordinator                                                                |
| <b>Januar – februar</b> | Rektor og kontaktlærer for neste års 1. klasse, viss mogleg, er med på halvårs-evalueringsmøta for elevar med særskilde behov. | Skulen skal bli informert om svake og sterke sider til barn med særskilde behov. Foreldra får helse på representantar for skulen.                                                                                                                                                                                                     | Styrarane<br><br>Spesialpedagog for førskulebarn bør vere med                                                        |
| <b>Januar – juni</b>    | Helsesøster kaller inn alle registrerte førskulebarn til førskulekonsultasjon med lege og helsesøster                          | Viss kartlegging/observasjon syner behov for oppfølging blir det teke opp med dei føresette. Kontakt med aktuelle instansar, som barnehage eller skule ved behov.                                                                                                                                                                     | Helsestasjonen                                                                                                       |
| <b>Januar – februar</b> | Kontakt mellom helsesøster og skulen                                                                                           | Informasjon om ev. barn som ikkje går i barnehage.<br>Deling av informasjon som dei føresette må få frå skulen.                                                                                                                                                                                                                       | Rektor                                                                                                               |
| <b>Februar – mars</b>   | Innskriving<br><br>Besøke SFO                                                                                                  | Elevar og foreldre får helse på kontaktlærer/administrasjon og bli kjend med skulebygget og SFO-ordninga. Skulen blir orientert om sjukdommar, foreldrerett, skyssbehov og ev. andre behov barnet har. Sende ut <i>Velkomen til skulestart</i> , felles kommunalt velkomstskriv. Dele ut informasjon om SFO-ordninga/søknadsprosedyre | Skulen.<br>Barnehagen er ikkje involvert.<br><b>Hugs å minne barnehagen om datoen</b>                                |
| <b>Februar – mars</b>   | Kontaktlærer for neste års 1. klasse besøker barnehagane                                                                       | Kontaktlærer skal bli kjent med 5-åringane og sjå korleis dei fungerer som gruppe og enkeltvis i barnehagane                                                                                                                                                                                                                          | Kontaktlærer for neste års 1. klasse, ev. leiinga ved skulen.                                                        |

|                     |                                                                                                 |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |                                                                                                 |
|---------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Mars – april</b> | Foreldresamtaler i barnehagen.                                                                  | Meir informasjon om overgang barnehage – skule. Føresette og pedagogisk leiar blir einige om korleis og kva slags informasjon som blir gitt til skulen, viss ikkje dette alt er bestemt.<br>Vurdere behov for tilmelding til PPT før skulestart.<br>Informasjon om at dagleg kontakt med skule/SFO blir annleis enn det dei er vande med frå barnehage. | Pedagogisk leiar                                                                                |
| <b>Mars – april</b> | Neste års 1. klasse, 5-åringane, besøker årets 1. klasse. Barnehagane møter saman               | Elevane skal bli kjende med skulen, skulemiljøet, bygget og SFO-ordninga.<br><br>Dersom nokre barn ikkje går i barnehagen, må skulen invitere desse.                                                                                                                                                                                                    | Lærarane i 1. klasse.                                                                           |
| <b>Mars – april</b> | Rektor, styrar og neste års kontaktlærer, ev. pedagogisk leiar, har møte etter innskrivinga     | Generell informasjon om funksjonsnivået til førskulegruppa.<br>Informasjon om enkeltbarn etter samtykke frå føresette, kan bli gitt i dette møtet. Bruk av SFO for disse barna er eit aktuelt tema.                                                                                                                                                     | Rektor                                                                                          |
| <b>Mars - april</b> | Kontaktlærer på besøk til barn med spesielle behov i barnehagen                                 | Vere med spesialpedagog, observere, dele informasjon om spesialpedagogisk innsats, tilrettelegging og tiltak i barnehagen, med tanke på overføring til skulen.                                                                                                                                                                                          | Rektor                                                                                          |
| <b>Mai</b>          | Førskuledag/opplegg.<br><br>Foreldremøte for neste års førsteklasse i samband med førskulestart | Elevane skal bli kjende med skulen og fadrane sine.<br>Barn som ikkje går i barnehagen, blir invitert til førskuledagen/ førskuleopplegget<br><br>Informasjon om førskuledag, skulestart, råd og forventningar til føresette blir sendt ut i forkant.<br>Utdeling/utsending av <i>Skulen i sikte</i> , skulens informasjonsskriv.                       | Skulen. Lærarar frå skulen gjennomfører dagen.<br><b>Pedagogisk leiar deltek på førskuledag</b> |

Vi har spurt einingsleiar for Seljord barnehage og styrar i barnehagen i Flatdal om planen er følgt i inneverande skuleår (2024/2025). Begge seier at planen i all hovudsak er følgt. Og vidare at dei vil gjennomføre dei tiltaka som gjenstår utover våren og forsommaren 2025. Begge viser også til at barnehagen og skulen ligg så nær kvarandre at det er kontakt mellom barnehagen og skulen også utanom det som ligg i planen. På Seljord skule er det også eit opplegg der elevar på 7. klassetrinn er fadrar for dei nye førsteklassingane. Dette går ikkje fram av planen eller annan dokumentasjon.

Oppvekstsenteret i Flatdal har også laga ein meir detaljert plan med utgangspunkt i kommunen sin felles plan for overgang.



### Overføring av informasjon

Formålet med planen for overgang mellom barnehage og skule er mellom anna å formidle informasjon om barna som det kan vere viktig for skulen å få. Det kan vere informasjon om enkelte barn og/eller om korleis gruppa fungerer.

Ifølgje einingsleiaren for Seljord barnehage (avdelingane Heddali og Tussejuv) blir det ikkje gjennomført generell kartlegging av alle barna i barnehagane i samband med overgang frå barnehage til skule. Den generelle utviklinga hos barna blir «kartlagd» gjennom den daglege kontakten dei tilsette har med barna.

Barnehagane i kommunen bruker TRAS på barn dei er bekymra for. TRAS betyr *Tidleg Registrering Av Språkferdigheter*. Formålet med TRAS er å bidra til at barn som strevar med språktileining blir registrert på eit tidleg tidspunkt.

Informasjon om barna som skal byrje på skulen, skjer ifølgje einingsleiar i overgangsmøtet med skulen i mars månad. Ho seier det blir innhenta skriftleg samtykke frå foreldra til deling av informasjon i samband med overgangen. Styrar i barnehagen møter rektor, assisterande rektor, kontaktlærar og leiar i SFO. Ein lagar ikkje ei skriftleg vurdering av kvart enkelt barn. Informasjonen blir overlevert munnleg, og det er opp til skulen å notere og fange opp det dei meiner er relevant. Rektor på skulen seier at leiinga og kontaktlærarar tek eigne notat frå desse møta.

Når det gjeld barn med spesialpedagogiske tiltak<sup>5</sup> som skal over i skulen, kontaktar einingsleiar i barnehagen rektor på skulen om dette. Det blir formidla kva for ressursar barnet har i barnehagen, slik at rektor kan planlegge for, og budsjettere med, naudsynte ressursar på skulen. Eventuelle vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring (tidlegare kalla spesialundervisning), personleg assistanse og/eller fysisk tilrettelegging i skulen, krev ny utgreiing og sakkunnevurdering frå PPT.

Styrar i barnehagen i Flatdal opplyser at overføring av informasjon om barn som skal starte på skulen skjer i eit møte med skulen, i tråd med overgangsplanen. Informasjonen blir gitt munnleg. Foreldre/føresette får uttale seg om kva dei ynskjer at barnehagen skal formidle til skulen, og må skrive under eit samtykkeskjema. I tillegg til opplysningar knytt til kvart barn, vert det overført generell informasjon om dynamikken i gruppa, innhald og arbeidsmetodar.

For barn med tilrettelegging og spesialpedagogiske tiltak i barnehagen har styrar møte med barnet sine foreldre, spesialpedagog, PPT dersom dei er involvert, pedagogisk leiar, kontaktlærar og rektor. Det blir ført referat frå møta. Skulen får innsyn i relevant dokumentasjon kring arbeidet som har blitt gjort i barnehagen, dersom foreldra samtykker til det. Samtykke frå foreldra blir gitt skriftleg.

---

<sup>5</sup> Spesialpedagogikk er i følgje utdanningsdirektoratet å forstå og legge til rette for læring og utvikling når barn og unge har utfordringar med å sanse, kommunisere og lære. Omgrepet kan romme fleire ulike tiltak.

Dei to rektorane viser også til overgangsplanen med dei ulike tiltaka for å sikre ein best mogleg overgang frå barnehage til skule. Dei stadfester at overlevering av kunnskap om barna som skal starte på skulen, skjer i overgangsmøta mellom barnehage og skule. Ein av rektorane peikar på at det kunne vore litt «strammare» opplegg med f.eks. bruk av ein mal/meir skriftligheit.

Vi har gjennomført ei spørjeundersøking hjå lærarar på dei to skulane. Vi fekk svar frå 29 av 44 lærarar (sjå kap. 3 metode og kvalitetssikring). I spørjeundersøkinga spurte vi om lærarane opplever at dei får tilstrekkeleg informasjon om barn som har gått i barnehage i kommunen, slik at dei kjenner til behovet for tilrettelegging i 1. klasse før eleven tek til på skulen. Dette spørsmålet gjekk til dei lærarane som jobbar i 1. – 4. trinn. Det var 14 som svarte på dette spørsmålet:

*Tabell 3 Eg opplever at vi får tilstrekkeleg informasjon om barn som har gått i barnehage i kommunen, slik at vi kjenner til behovet for tilrettelegging i 1. klasse før eleven startar på skulen*

|         | Usamd | Litt usamd | Litt samd | Samd |
|---------|-------|------------|-----------|------|
| Tal     | 1     | 5          | 4         | 4    |
| Prosent | 7 %   | 35 %       | 29 %      | 29 % |

N=14

Vi ser at det samla sett er eit lite fleirtal som er litt samd eller heilt samd i at dei får god nok informasjon. Det var låg svarprosent på Seljord barne- og ungdomsskule, og det er difor vanskeleg å trekke slutningar om det er skilnader i svar mellom dei to skulane. Dersom vi likevel isolerer svara på Flatdal skule, er det eit lite fleirtal av lærarane der som svarar at dei er *litt usamd* eller *usamd* i at dei får god nok informasjon.

### 3.3. Revisor si vurdering av overgang

Vi meiner at kommunen gjennom *Plan for samarbeid om overgang frå barnehage til skule/SFO - barneskule – ungdomsskule i Seljord kommune*, har rutinar for overgangen mellom barnehage og skule.

Barnehagane og skulane samarbeider og utvekslar informasjon, både på eit generelt nivå og særskilt for dei barna som kan ha/få behov for ekstra oppfølging i skulen. Det er møter og skriftleg informasjon for barn med tilrettelegging og spesialpedagogiske tiltak i barnehagen.

Overføring av informasjon om barnegruppa frå barnehagen til skulen skjer elles munnleg. Etter vår vurdering kan ein vurdere å ha noko meir systematikk i kartlegginga, og det kan vere føremålstenleg at informasjonen som blir gitt blir dokumentert skriftleg.

For nokre lærarar kan det sjå ut som informasjonsbehovet ikkje blir godt nok dekkja. Informasjonen er viktig for å kunne planlegge og legge til rette før eleven tek til på skulen.



## 4. System og rutinar for tilpassa opplæring

Har kommunen system og rutinar for å tilpasse undervisninga til elevane sine evne og føresetnader?

### 4.1. Revisjonskriterier

Til denne problemstillinga har vi følgjande revisjonskriterium:

- Skuleeigar skal ha internkontroll som sikrar at opplæringa ved kvar enkelt skule blir tilpassa evnene og føresetnadene til elevane.
- Det skal gjennomførast systematisk og kontinuerleg undervegsvurdering.
- Det skal gjennomførast halvårsvurderingar og halvårlege elevsamtalar som skal dokumenterast.
- Skulen skal vurdere om elevar har behov for intensiv opplæring.

### 4.2. System og rutinar – data

#### 4.2.1. Internkontroll

I tidlegare opplæringslov var det krav om at kommunen (skuleeigar) skulle ha eit *forsvarleg system* for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte. For å oppfylle dette kravet hadde Seljord kommune utarbeidd dokumentet *System for kvalitetsvurdering* (sist revidert i februar 2020). Frå 1. januar 2021 er det kommunelova (§ 25-1) om internkontroll som regulerer det systematiske arbeidet.<sup>6</sup>

Seljord kommune nyttar Compilo<sup>7</sup> som sitt internkontroll- og avvikssystem. Kommunalsjef for skule og oppvekst seier at skulesektoren i all hovudsak berre nyttar Compilo som avvikssystem. Det ligg lite informasjon om organisering og oppgåver, retningslinjer og rutinar i Compilo. Det har også vore arbeid lite systematisk med risikovurderingar i sektoren.<sup>8</sup> Kommunalsjefen seier arbeidet med å gå igjennom den overordna internkontrollen for sektoren vil bli prioritert framover.

Fram til ny opplæringslov tok til å gjelde 1. august 2024 var det krav om årleg å legge fram for kommunestyret ein tilstandsrapport for grunnskulen. Kommunestyret i Seljord handsama i mars 2024 tilstandsrapport for grunnskulen for skuleåret 2022-2023. Rapporten inneheld statistikk frå Utdanningsdirektoratet som viser utviklinga over år på sentrale parameter for Seljordskulane. For dei ulike statistikkområda som er omtalt ligg det korte eigenvurdering frå skuleeigar.

Etter ny opplæringslov skal kommunen sørge for at skolane jamleg vurderer i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å måla i

---

<sup>6</sup> Jf. lov 19. juni 2020 nr. 89 Endringslov til lover om internkontrollregler i sektorlovgivningen (tilpassning til ny kommunelov), romertall II og forskrift om ikraftsetjing 25. september 2020 nr. 1825.

<sup>7</sup> Compilo er et elektronisk internkontroll/kvalitetssystem som har moduler for avvik, dokument, risikoanalyse og årshjul

<sup>8</sup> VTR-rapport om internkontroll i Seljord kommune: [VTR-rapport-Internkontroll-Seljord.pdf](#)

læreplanane, jf. opplæringslova § 17-12. Vidare skal kommunestyret minst éin gong i året få informasjon om læringsmiljøet, læringsresultata og gjennomføringa til elevane i opplæringa. Vi er ikkje kjent med at det har vore lagt fram slik sak etter 2024.

Skule- og barnehagesektoren i Seljord brukar systemet Moava for å sikre at naudsynte oppgåver gjennom året blir gjennomført som føresett.<sup>9</sup> Moava er eit elektronisk system med årshjul der gjeremåla er lenkja til lovverk og rettleiingar. Leverandøren opplyser følgjande om systemet:

*Innlogga som kommuneansvarleg får du:*

- *Oversikt over alle einingar med status på gjeremåla (Fullført/Påbegynt/Ikkje gjort).*
- *Høve til å sortera gjeremål på einingstype og kategoriar.*
- *Moglegheit for å leggja til og redigera gjeremål for alle einingane.*
- *Høve til å lasta opp kommunen sine egne malar og dokument.*

*Innlogga som einingsleiar får du:*

- *Oversikt over gjeremåla dine med status.*
- *Moglegheit for å delegera gjeremål.*
- *Høve til å laga lokale gjeremål for eininga di.*

*I tillegg inkluderer systemet:*

- *Varsel på e-post før forfall.*
- *Eksport av gjeremålsliste til kalender i Outlook, Thunderbird, Google m.fl.*
- *Mulighet til å generera rapportar.*

*Systemet er nettbasert og har moglegheit for lokal tilpassing. Det gir også kontinuerleg oversikt og nødvendig dokumentasjon.*

I Seljord blir Moava bruka av dei to rektorane, einingsleiar for barnehagane i Seljord sentrum og styrar i barnehagen i Flatdal. Skule/barnehageeigar ved kommunalsjef for skule og oppvekst har tilgang til systemet, og kan ta ut rapportar som viser status på oppgåver. Ho kan også gi tilbakemeldingar i systemet. Moava blir brukt som sjekkliste/verktøy for å følge opp dei krav og forventningar som ligger i opplæringslova og opplæringsforskrifta. Vidare er det høve til å legge inn gjeremål som berre gjeld for kommunen og/eller den enkelte skule. Den som er sett opp som ansvarleg for ei oppgåve, får varsel på e-post dersom fristen ikkje blir halden. Sidan Moava er ei sjekkliste/eit kontrollverktøy for skuleleiinga, ligg ikkje planar, retningslinjer, rutinar og malar som tilsette på skulen har bruk for der. Vi har laga ei oversikt frå årshjula (grunnskule og barnhage) for skuleåret 2024-2025 med nokre gjeremål som er relevante for denne revisjonen:

---

<sup>9</sup> Moava AS leverer nettbaserte internkontroll-løysingar til skular og barnehagar. Om lag 150 kommunar i Noreg nyttar systemet.

| Frist      | Tittel                                                           | Ansvarleg     |
|------------|------------------------------------------------------------------|---------------|
| 25.08.2024 | Nasjonale prøver, informasjon og registrering                    | Einingsleiar* |
| 02.09.2024 | Nasjonale prøver, gjennomføring                                  | Einingsleiar  |
| 02.09.2024 | Melde opp til kartleggingsprøver                                 | Einingsleiar  |
| 30.09.2024 | Nasjonale prøver, gjennomføring                                  | Einingsleiar  |
| 30.09.2024 | Samarbeidsavtale barnehage - skule                               | Styrar        |
| 29.10.2024 | Elevsamtalar - haust                                             | Einingsleiar  |
| 30.10.2024 | Overgang skule og barnehage – særskilte tiltak- føresette deltek | Styrar        |
| 26.11.2024 | Utviklingssamtalar - haust                                       | Einingsleiar  |
| 03.03.2025 | Kartleggingsprøver1.-3. steg, informasjon og registrering        | Einingsleiar  |
| 30.04.2025 | Generell overgangsmøte barnehage til skule                       | Styrar        |
| 23.05.2025 | Drøfte resultata av nasjonale kartleggingsprøver, 1.-3. steg     | Einingsleiar  |
| 24.05.2025 | Elevsamtalar - vår                                               | Einingsleiar  |

\*Einingsleiar er her rektor på skulen

For kvart av gjeremåla ligg det i Moava informasjonstekst med lenker til aktuelle paragrafar i lov og/eller forskrift, og til rettleiing som ligg på Utdanningsdirektoratet sine nettsider. Vi har tatt ut eit døme som gjeld elevsamtalar:

### Elevsamtalar - haust

Datofrist: **29.10.2024**

Som ein del av underevs-vurderinga er det innført krav om minst éin planlagd samtale med elevane kvart halvår frå 1. steg. Samtalen skal handle om den faglege utviklinga til eleven. Kontaktlærar har ansvaret for samtalen, men rektor kan delegere dette ansvaret til faglærar dersom det er meir hensiktsmessig. Samtalen kan gjennomførast i samband med samtalen med foreldra og/eller halvårsvurderinga.

Alle elevar skal ha halvårsvurdering utan karakter frå 1. steg. Halvårsvurdering skal gjevast som ein munnleg og/eller ei skriftleg skildring med informasjon om fagleg ståstad og om korleis eleven kan auke kompetansen sin.

Frå 8. trinn har alle elevar, i tillegg til rettane over, rett til å få karakter i samband med halvårsvurdering i fag, i orden og i oppførsel og rett til å få vite kva som er vektlagt i fastsettinga av standpunktarakteren.

Frå Utdanningsdirektoratet:

- Som rektor må du syte for at skulen har ein skriftleg implementert rutine som sikrar at eleven sin rett til halvårsvurdering og eventuell årsrapport blir oppfylt.
- Rutinen må sikre at halvårsvurderinga/årsrapporten gjev informasjon både om den noverande kompetansen eleven har og kva eleven kan gjere for å auke kompetansen sin.
- Som rektor må du syte for at faglærarane gjennomfører halvårsvurderingar for alle elevane, også for elevar med spesialundervisning.

### Lover

- [Opplæringslova § 2-3: Innhald, vurdering og dokumentasjon i grunnskoleopplæringa](#)
- [Opplæringslova § 10-2: Elevane sin rett til medverknad](#)

- [Opplæringslova § 10-3: Samarbeid med foreldra](#)
- [Forskrift Opplæringslova § 9: Individuell vurdering](#)
- [Forskrift Opplæringslova § 11-1: Foreldremøte og foreldresamtale](#)

**Lenker**

- [Utdanningsdirektoratet: Vurdering](#)

Reglement, retningslinjer, rutinar, malar, skjema m.m. som blir brukt av tilsette på skulane ligg på plattformer som Visma og Teams. Enkelte av desse er nærmare omtalt i kapitla 4.2.2-4.2.4. Kommunalsjefen opplyser at det er nokre overordna dokument som er felles, men at skulane sjølv også har laga dei retningslinjer, rutinar, malar, skjema m.m. som dei har behov for. Vidare at ho har som mål å få betre oversikt over kva for rutinar m.m. som skal vere felles, og kva som skal/kan vere lokalt utarbeidd.

Det er etablert fast møtestruktur på begge skulane. Rektorane på skulane seier dette er arenaer for informasjon og pedagogiske drøftingar både på individ og gruppenivå. Rektor på Seljord barne- og ungdomsskule opplyser at dei har personalmøte for kvar avdeling kvar tysdag. Kvar onsdag er det sett til felles utviklingstid for begge avdelingar. Teama på barneskulen har timeplanfesta team-møte kvar veke. Ungdomsskulen har team-møte etter fast rullering på tysdagar. SFO har personalmøte på ettermiddagstid ca. 6 gonger i året.

Rektor på Flatdal skule viser til følgjande møteoversikt:

| Dag    | Tidspunkt   | Møtetype                   | Deltakarar                                                            | Innhald                                    | Hyppigheit    |
|--------|-------------|----------------------------|-----------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------|---------------|
| Måndag | 08:00–08:30 | Samarbeidsmøte             | Helsesjukepleiar, SLT-koordinator, rektor, aktuelle lærarar/føresette | Saklistebasert samarbeid kring enkeltsaker | Kvar veke     |
| Måndag | 09:00–10:00 | Samarbeid styrar og rektor | Rektor, styrar                                                        | Samarbeid mellom skule og barnehage        | Kvar veke     |
| Måndag | 14:30–16:00 | Pedagogisk utviklingsmøte  | Alle lærarar, rektor                                                  | Pedagogisk utvikling, felles drøfting      | Kvar veke     |
| Tysdag | 10:00–11:00 | Driftmøte SFO              | SFO-leiar, rektor                                                     | Planlegging og drift av SFO                | Kvar veke     |
| Tysdag | 13:00–14:00 | Småteam-møte 1.–4. trinn   | Lærarar på 1.–4. trinn                                                | Skuleutvikling og elevarbeid               | Kvar veke     |
| Tysdag | 14:00–15:00 | Storteam-møte 5.–7. trinn  | Lærarar på 5.–7. trinn                                                | Skuleutvikling og elevarbeid               | Kvar veke     |
| Onsdag | 13:00–14:00 | Teamleiar-møte             | Teamleiarar for små- og storteam, rektor                              | Førebuing og oppfølging av teammøte        | Annakvar veke |

Kommunalsjefen opplyser at kommunen frå 2025 har blitt med i oppfølgingsordninga i regi av Utdanningsdirektoratet.<sup>10</sup> Oppfølgingsordninga skal bidra til at kommunar med svake resultat på sentrale område av opplæringa over tid får hjelp til å skape betre læringsmiljø og læringsresultat for elevane. Deltakinga skjer over ein periode på 3 år, der det første året er ein kartleggingsfase. Kommunalsjefen seier at det i den første fasen vil vere naturleg å sjå på om dei systema og rutinane som kommunen/skulane brukar er hensiktsmessige.

I arbeidet med oppfølgingsordninga skal kommunen

- lage plan for arbeidet i forfasen i samarbeid med rettleiarar
- involvere nødvendige aktørar i dei ulike fasane for å sikra god framdrift, kvalitet og forankring i arbeidet med kvalitetsutviklinga.
- inngå avtalar med aktuelle kompetansemiljø som kan hjelpe kommunane.
- prioritere arbeidet med kvalitetsutvikling gjennom heile innsatsperioden.
- søkje midlar hos statsforvaltar for pågåande eller nye tiltak.
- rapportere til statsforvaltar og Udir i samsvar med rapporteringsrutinar

#### 4.2.2. Systematisk og kontinuerleg undervegsvurdering

Det er ein føresetnad for å kunne gi tilpassa opplæring at både lærar og elev kjenner til kva eleven meistar og kva det er behov for meir opplæring i, sett i forhold til mål i kunnskapsløftet. Skulane må både kartleggje kompetansen til eleven og formidle til eleven/føresette kva eleven må jobbe meir med (undervegsvurdering) og leggje til rette opplæringa slik at eleven får jobbe med dei områda dei har behov for, slik at dei kan nå måla i kunnskapsløftet.

Rektor på Seljord barne- og ungdomsskule peikar på at lærarane gjennom observasjonar i klasserommet og dagleg kontakt med elevane gjer løpande vurderingar av meistringsnivået til elevane. Skulen har timeplanfesta elevsamtalar kvar veke. Dette er korte samtalar der kontaktlærar skal sjekke ut om eleven har det bra på skulen, og om det er eventuelle faglege utfordringar. Det er laga ein rutine som ligg i Teams for gjennomføring av elevsamtalen. Eitt av punkta i rutinen er dette:

- *Elevsamtala skal syne at dei vaksne er på tilbodssida.*
  - Er det noko vi vaksne kan gjera for at*
    - *-du skal får det ennå betre her på skulen?*
    - *-du skal få til meir av det vi ønsker at du skal få til?*
    - *-du skal lære meir?*

---

<sup>10</sup> [Oppfølgingsordningen for kommuner | udir.no](https://www.udir.no/oppfolgingsordningen-for-kommuner)

Fram til no har elevsamtalene vore loggført i ei eiga samtalebok, ei bok pr elev. Ifølgje rutinen skal ein framover føre ein kortlogg over elevsamtalane i *Conexus oppfølging*.<sup>11</sup>

Informasjonsheftet for Seljord barne- og ungdomsskule for skuleåret 2024/25 ligg i skulen sin Teams-kanal. Heftet inneheld diverse oversikter, rutinar og retningslinjer som gjeld for dei som underviser på skulen. I informasjonsheftet finn vi mellom anna dette om kartleggingar og vurderingar:

- Datoplan for vurdering og dokumentasjon
- Kartleggingsoversikt som viser tidspunkt for alle kartleggingar og testar fordelt på semester/klassestrinn:
  - Bokstavkartlegging
  - Aski Raski
  - Carlsten lesetest
  - Alle Teller
  - Dysmate Screening (2. og 8. trinn)
  - Udir-kartlegging for SNO elevar
  - Kartleggingsprøver (Udir 1. og 3. trinn)
  - Nasjonale prøver (5., 8. og 9. trinn)

Rektor på Flatdal oppvekstsenter viser også til at vurderingar av meistringsnivået til elevane skjer gjennom lærarane sine observasjonar i klasserommet og den daglege kontakten med elevane. Skulen har på same måte som på Seljord barne- og ungdomsskule timeplanfesta elevsamtaler kvar veke. Gjennom korte samtalar sjekkar kontaktlærarane ut om elevane har det bra på skulen og om det er eventuelle faglege utfordringar.

Vi har fått tilsendt kartleggingsplan for Flatdal oppvekstsenter. Planen gjeld lesing og skriving og inneheld på same måte som for Seljord barne- og ungdomsskule oversikt over testtypene for dei forskjellige klassestrinna, og når dei skal gjennomførast. Rektor opplyser at planen for rekning og engelsk er under revidering.

I vår spørjeundersøking til lærarar på skulane bad vi dei ta stilling til nokre påstandar om tilpassa opplæring:

*Tabell 4 Svarfordeling på utsegn om tilpassa opplæring og kartlegging*

|  | Usamd | Litt usamd | Litt samd | Samd | Veit ikkje |
|--|-------|------------|-----------|------|------------|
|  |       |            |           |      |            |

<sup>11</sup> Conexus har er ein plattform for behandling av elevdata, planlegging og evaluering av oppfølgingsarbeidet.

|                                                                                                    |   |   |    |    |   |
|----------------------------------------------------------------------------------------------------|---|---|----|----|---|
| Vi drøfter kva tilpassa opplæring inneber på vår skule                                             | 0 | 1 | 8  | 19 | 1 |
| Arbeidet med tilpassa opplæring har stort fokus på skulen vår                                      | 0 | 0 | 16 | 12 | 1 |
| Skulen har rutinar som sikrar god kartlegging av kompetansen til elevane                           | 0 | 1 | 10 | 18 | 0 |
| Eg brukar resultata frå kartlegginga i planlegging av undervisninga                                | 1 | 3 | 9  | 16 | 0 |
| Eg følgjer opp resultat frå kartleggingar og prøver i det daglege arbeidet med kvar enkelt elev    | 1 | 3 | 13 | 12 | 0 |
| Eg brukar kunnskap om kompetansen til elevane for å sikre tilpassa opplæring                       | 0 | 0 | 10 | 19 | 0 |
| Elever med svake faglege forutsetningar får oppgåver og utfordringar tilpassa deira meistringsnivå | 0 | 0 | 15 | 14 | 0 |
| Elever med sterke faglige forutsetningar får oppgaver dei kan bryne seg på                         | 0 | 2 | 16 | 11 | 0 |

N=29

Som det går fram av tabellen er lærarane som har svart på undersøkinga gjennomgåande *litt samde* eller *samde* i utsegna dei har tatt stilling til. Utsegna i spørjeundersøkinga er slik formulert at det er meir positivt jo meir samde ein er i utsegna.

### Tilbakemeldingar og involvering

I forskrift til opplæringslova blir lagt vekt på at elevar skal involverast i vurderingar, forstå kva som blir venta av dei, få vite kva dei meistrar og få rettleiing om korleis dei kan arbeide vidare for å auke kompetansen.

I spørjeundersøkinga har vi bede lærarane om å ta stilling til nokre påstandar om underveisvurdering og involvering av elevane:

Tabell 5 Svarfordeling på utsegn om underveisvurdering og involvering av elevar.

|                                                                                               | Usamd | Litt usamd | Litt samd | Samd |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------|-------|------------|-----------|------|
| Skulen har felles rutinar som sikrar underveisvurdering                                       | 0     | 5          | 14        | 10   |
| Eg får sett av tid til å gi elevane gode tilbakemeldingar på faglege kompetanse i det daglege | 4     | 7          | 13        | 5    |
| Eg orientere elevane om kompetansemåla og kva dei blir vurdert på                             | 2     | 8          | 10        | 9    |

|                                                                        |   |    |    |    |
|------------------------------------------------------------------------|---|----|----|----|
| Eg forklarer den enkelte elev kva som skal til for å nå kompetansemåla | 2 | 7  | 11 | 9  |
| Eg får gitt elevane jamleg tilbakemelding på kompetansen deira i faget | 1 | 8  | 13 | 7  |
| Eg har god dokumentasjon på den underveisvurderinga som blir gjort     | 1 | 5  | 12 | 11 |
| Elevane deltek aktivt i vurdering av eige abeid                        | 0 | 11 | 16 | 2  |

N=29

Tabellane under viser resultat frå elevundersøkinga for skuleåret 2024-2025 for eit utval indikatorar som gjeld læringsmiljø. Det er ein tabell for resultata for elevar på 7. trinn og ein for dei som gjekk på 10. trinn. Alle resultat og meir om statistikken finns på Utdanningsdirektoratet sine nettsider.<sup>12</sup>

På 7. klassetrinn skåra elevane Seljord meir positivt enn heile landet og Telemark på tre utsegn. På fire utsegn skåra dei likt med dei vi samanlikna med, og på åtte skåra dei lågare. Der elevar frå Seljord skårar betre enn kommunar vi samanliknar med er tala markert med grøn farge, der dei skårar dårlegare med raudt og sort der dei skårar likt.

Tabell 6 Elevundersøkinga 2024-2025. Utvalde indikatorar for området læringsmiljø. 7. klassetrinn. Tal for heile landet, Telemark og Seljord.

|                                                                                            | Heile landet | Telemark | Seljord |
|--------------------------------------------------------------------------------------------|--------------|----------|---------|
| Opplever du at lærerne dine bryr seg om deg?                                               | 4,1          | 4,1      | 4,0     |
| Når jeg har problemer med å forstå arbeidsoppgaver på skolen, får jeg god hjelp av lærerne | 4,2          | 4,1      | 4,0     |
| Lærerne hjelper meg slik at jeg forstår det jeg skal lære                                  | 4,2          | 4,2      | 4,3     |
| Forklarer lærerne hva som er målene i de ulike fagene slik at du forstår dem?              | 4,1          | 4,0      | 3,9     |
| Forklarer læreren godt nok hva det legges vekt på når skolearbeidet ditt vurderes?         | 4,0          | 4,0      | 3,9     |
| Forteller lærerne deg hva som er bra med arbeidet du gjør?                                 | 3,9          | 3,9      | 3,9     |
| Snakker lærerne med deg om hva du bør gjøre for å bli bedre i fagene?                      | 3,6          | 3,6      | 3,8     |
| Hvor ofte får du tilbakemeldinger fra lærerne som du kan bruke til å bli bedre i fagene?   | 3,5          | 3,5      | 3,4     |

<sup>12</sup> Sjå: [Elevundersøkelsen – læringsmiljø 5. til 10. trinn, sortert etter indikator | udir.no](#)



|                                                                                                                                  |     |     |     |
|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----|-----|-----|
| Får du være med og foreslå hva det skal legges vekt på når arbeidet ditt skal vurderes?                                          | 3,3 | 3,3 | 3,1 |
| Får du være med og vurdere skolearbeidet ditt?                                                                                   | 3,2 | 3,2 | 3,2 |
| Jeg får hjelp av lærerne til å tenke gjennom hvordan jeg utvikler meg i faget                                                    | 3,6 | 3,6 | 3,6 |
| Får du lekser som du greier å gjøre på egen hånd?                                                                                | 4,1 | 4,1 | 4,5 |
| Tenk på når du får arbeidsoppgaver på skolen som du skal gjøre på egen hånd. Hvor ofte klarer du oppgavene alene?                | 3,9 | 3,8 | 3,8 |
| Tenk på når læreren går gjennom og forklarer nytt stoff på skolen. Hvor ofte forstår du det som læreren gjennomgår og forklarer? | 3,7 | 3,7 | 3,6 |
| Får du nok utfordringer på skolen?                                                                                               | 3,9 | 3,8 | 3,5 |

På 10. klassetrinn skåra elevane Seljord meir positivt enn heile landet og Telemark på seks utsegn. På fem utsegn skåra dei likt med dei vi samanlikna med, og på fire scora dei lågare.

Tabell 7 Elevundersøkinga 2024-2025. Utvalde indikatorar på området læringsmiljø. 10. klassetrinn. Tal for heile landet, Telemark og Seljord

|                                                                                            | Heile landet | Telemark | Seljord |
|--------------------------------------------------------------------------------------------|--------------|----------|---------|
| Opplever du at lærerne dine bryr seg om deg?                                               | 3,8          | 3,8      | 3,8     |
| Når jeg har problemer med å forstå arbeidsoppgaver på skolen, får jeg god hjelp av lærerne | 3,9          | 3,9      | 3,9     |
| Lærerne hjelper meg slik at jeg forstår det jeg skal lære                                  | 3,9          | 3,9      | 4,1     |
| Forklarer lærerne hva som er målene i de ulike fagene slik at du forstår dem?              | 3,7          | 3,7      | 3,7     |
| Forklarer læreren godt nok hva det legges vekt på når skolearbeidet ditt vurderes?         | 3,8          | 3,8      | 3,9     |
| Forteller lærerne deg hva som er bra med arbeidet du gjør?                                 | 3,6          | 3,6      | 3,8     |
| Snakker lærerne med deg om hva du bør gjøre for å bli bedre i fagene?                      | 3,4          | 3,4      | 3,7     |
| Hvor ofte får du tilbakemeldinger fra lærerne som du kan bruke til å bli bedre i fagene?   | 3,1          | 3,1      | 2,9     |

|                                                                                                                                  |     |     |     |
|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----|-----|-----|
| Får du være med og foreslå hva det skal legges vekt på når arbeidet ditt skal vurderes?                                          | 2,7 | 2,7 | 2,8 |
| Får du være med og vurdere skolearbeidet ditt?                                                                                   | 2,5 | 2,5 | 2,1 |
| Jeg får hjelp av lærerne til å tenke gjennom hvordan jeg utvikler meg i faget                                                    | 3,1 | 3,0 | 3,4 |
| Får du lekser som du greier å gjøre på egen hånd?                                                                                | 3,9 | 3,9 | 3,9 |
| Tenk på når du får arbeidsoppgaver på skolen som du skal gjøre på egen hånd. Hvor ofte klarer du oppgavene alene?                | 3,8 | 3,7 | 3,6 |
| Tenk på når læreren går gjennom og forklarer nytt stoff på skolen. Hvor ofte forstår du det som læreren gjennomgår og forklarer? | 3,6 | 3,5 | 3,5 |
| Får du nok utfordringer på skolen?                                                                                               | 4,2 | 4,2 | 3,9 |

### Kartleggingsprøver

Kartleggingsprøver på 1.-3. trinn skjer i regi av Utdanningsdirektoratet. Prøva for 3. trinn er obligatorisk, medan prøva på 1. tinn er valfritt for skulane. Begge skulane i Seljord gjennomfører kartleggingsprøver på både 1. og 3. trinn.

Vi har bede lærarar på 1.-4. trinn om å ta stilling til nokre utsegn som gjeld kartleggingsprøver.

Tabell 8 Svarfordeling på utsegn om kartleggingsprøver

|                                                                                                     | Usamd | Litt usamd | Litt samd | Samd | Ikkje aktuelt |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------|-------|------------|-----------|------|---------------|
| Kartleggingsprøver sikrar at eg får identifisert elevar med behov for ekstra oppfølging             | 1     | 1          | 7         | 6    | 2             |
| Eg brukar kartleggingsprøvene for å sikre tilpassa opplæring til alle elevane                       | 0     | 2          | 5         | 8    | 2             |
| Eg brukar rettleiinga frå Udir for å følge opp resultata av kartleggingsprøvene                     | 0     | 2          | 5         | 7    | 3             |
| Resultat av kartleggingsprøvene blir drøfta i kollegiet i 1. – 3. trinn                             | 1     | 2          | 2         | 8    | 4             |
| Kartleggingsprøvene blir brukte som del av arbeidet til skulen med forbetring og kvalitetsutvikling | 0     | 1          | 5         | 8    | 3             |

N=17

Vi ser at lærarane som har svart på undersøkinga i hovudsak stiller seg positive til utsegna som gjeld bruk av kartleggingsprøver.

### Nasjonale prøver

Dei nasjonale prøvene er obligatoriske prøver på 5., 8. og 9. trinn som skal gi informasjon om ferdigheiter i lesing, rekning og engelsk. Begge skulane i Seljord gjennomfører nasjonale prøver.

Vi har bede lærarar som underviser på 5.-10. trinn ta stilling til nokre utsegn om nasjonale prøver:

Tabell 9 Svarfordeling på utsegn om nasjonale prøver

|                                                                                                 | Usamd | Litt usamd | Litt samd | Samd | Ikkje aktuelt |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------|-------|------------|-----------|------|---------------|
| Eg nyttar dei nasjonale prøvene for å tilpasse opplæringa                                       | 3     | 4          | 8         | 2    | 2             |
| Eg brukar rettleiing frå Udir for å følgje opp resultata frå dei nasjonale prøvene              | 2     | 4          | 8         | 4    | 1             |
| Resultata frå dei nasjonale prøvene blir analysert og drøfte på skulen                          | 1     | 2          | 3         | 12   | 1             |
| Dei nasjonale prøvene er eit viktig bidrag i arbeidet med forbetring av undervisninga på skulen | 3     | 2          | 10        | 3    | 1             |

N=19

### 4.2.3. Halvårsvurderingar og utviklingssamtalar

Forskrifta til opplæringslova seier at foreldre skal ha to utviklingssamtalar med kontaktlærar i året. Tema for samtalan skal vere korleis eleven gjer det i dei ulike faga, korleis eleven arbeider på skulen og heime, og om den sosiale utviklinga til eleven.

I Seljord barne- og ungdomsskule sitt informasjonshefte finn vi *Prosedyre for vurdering ved Seljord barne- og ungdomsskule*. Prosedyren tek for seg halvårsvurdering i fag (og orden og åtferd) og standpunktvurdering i fag (og orden og åtferd). Om halvårsvurdering står det mellom anna:

*Halvårsvurdering i fag er ein del av underveisvurdering. Den skal vise kompetansen eleven har i faget og gi rettleiing om korleis han heller ho kan auke kompetansen sin. Halvårsvurdering i fag skal førast skifteleg i Visma flyt skule i samband med utviklingssamatar vår og haust. Halvårsvurderinga blir sendt skriftleg til heimen, og gått gjennom med elev og føresette i utviklingssamtale.*

Det ligg føre malar for gjennomføring/dokumentasjon av utviklingssamtalan. Rektor på skulen seier at Visma blir brukt for å dokumentere halvårssamtalar.

Også rektor på Flatdal oppvekstsenter viser til at det er halvårsvurderingar i form av utviklingssamtalar med foreldre to gonger i året. Tidlegare var det ei skriftleg vurdering av kvart fag, men det er det lempa på i barneskolen. Det er framleis skifteleg vurdering i ungdomsskolen.

Det er ikkje standardiserte skjema for korleis utviklingssamtalen skal gjennomførast, og rektor er usikker på om alle utviklingssamtalar blir dokumenterte. Rektor seier han har tilgang til det som blir lagt inn i Visma, og kan kontrollere om samtalaner blir gjennomført.

Vi spurte kontaktlærarane om dei får gjennomført og dokumenterer dei halvårlege utviklingssamtalane.

Tabell 10 Svarfordeling på utsegn om utviklingssamtalar

|                                                    | Usamd | Litt usamd | Litt samd | Samd |
|----------------------------------------------------|-------|------------|-----------|------|
| Eg får gjennomført halvårlege utviklingssamtaler   | 0     | 0          | 1         | 15   |
| Eg dokumenterer dei halvårlege utviklingssamtalane | 0     | 2          | 3         | 11   |

N=16

I all hovudsak svara lærarane at halvårssamtalar blir gjennomførde og at dei blir dokumenterte.

#### 4.2.4. Intensiv opplæring

Intensiv opplæring (tidlegare omgrepet tidleg innsats) er eit tiltak innanfor tilpassa opplæring, og skal vere ein kortvarig og målretta innsats for elevar på 1.-4. trinn som står i fare for å ikkje ha forventa progresjon i lesing, skriving eller rekning.

Begge rektorane seier det er ei løpande vurdering om det er behov for intensiv opplæring. Det skjer i den daglege kontakten med elevane, gjennom underveisvurderingar. Meistringsnivå og progresjon til elevane blir også diskutert i ulike former for møter i kollegiet.

På Seljord barne- og ungdomsskule seier rektor at det kvart år er ein lærar som har ansvaret for dei kursa (intensiv opplæring) som skal gjennomførast. Ho opplyser at det har vore 13 elevar som har vore på kurs våren 2025. Det vil også bli sett i gang kurs for nokre elevar på 5. og 6. trinn. Intensiv opplæring består stort sett av at ei lita gruppe blir tatt ut frå ordinær undervisning nokre timar i veka i nokre veker. Dei jobbar då med ein lærar.

Seljord barne- og ungdomsskule har eit informasjonshefte *Rutine for elevar med lese og skrivevanskar ved Seljord barne – og ungdomsskule*. Denne rettar seg mest mot elevar med dysleksi. Skulen har ikkje andre skriftlege rutinar for arbeidet med intensiv opplæring.

Vedkommande lærar som er ansvarleg for den intensive opplæringa skuleåret 2024-2025 seier at det jamleg blir gjort kartleggingar på trinna i norsk, engelsk og matematikk. I informasjonsheftet til kontaktlærarane står det kva tid kartleggingar skal gjennomførast. Ut frå desse kartleggingane blir det vurdert om nokre elevar bør få intensiv opplæring. Kvart trinn har møte med skuleleiinga to gonger i året, der resultata på kartleggingane blir diskutert. Dersom skulen meiner at eleven har behov for intensiv opplæring, blir føresette kontakta av kontaktlærar for å snakke om dette. Dersom heimen takkar nei til tilbodet, blir dette dokumentert. Eleven blir også informert. Det er

rektor i samarbeid med kontaktlærer og føresette som tek avgjerd om intensiv opplæring skal setjast i gang. Rektor registrer kva for elevar som deltek på kurs.

Resultatet på kartleggingar blir oppbevart i Visma sikker sak. Skuleleiinga har eit møte med den ansvarlege for den intensive opplæringa etter at han/ho har jobba med elevane. Kontaktlærer får også tilbakemelding. Kontaktlærer gir tilbakemelding til heimen dersom det er nødvendig.

Rektor på Flatdal oppvekstsenter seier dei ikkje tar elevar ut av klassene for å gi intensiv opplæring. For alle klasser er det frå starten av sett inn ekstra ressursar i leseopplæringa for å fange opp elevar som fell utanfor. Han opplyser at skulen har elevar som treng dette gjennom heile året. Det gjeld for 1. – 4. trinn. Han viser til at skulen nyttar Spangereiedmodellen i undervisninga. Modellen inneber stasjonsarbeid med små grupper, der elevane får leseopplæring tilpassa sitt nivå. Rektor viser også til at det er etablert dysleksigruppe og at skulen har ein leserettleiar. Dei siste tiltaka omfattar elevar på alle trinn.

Rektor sier at vurderinga av om elevar har behov for særlege tiltak skjer med bakgrunn i testar/prøver og gjennom diskusjon i kollegiet. Det er kvar veke evalueringar i team der det blir drøfta korleis ein best mogleg skal legge til rette undervisninga.

Vi bad lærarar som underviser på 1.-7. trinn om å ta stilling til to utsegn om intensiv opplæring:

Tabell 11 Svarfordeling på utsegn om intensiv opplæring

|                                                                                                              | Usamd | Litt usamd | Litt samd | Samd | Veit ikkje |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------|------------|-----------|------|------------|
| Skulen fangar i tilstrekkeleg grad opp elevar med behov for intensiv opplæring (tidleg innsats 1. -4. trinn) | 0     | 1          | 8         | 12   | 2          |
| Det er sette av nok ressursar til intensiv opplæring på vår skule                                            | 1     | 6          | 11        | 3    | 2          |

N=23

### 4.3. Revisor si vurdering av system og rutinar for tilpassa opplæring

#### Internkontroll

Vi meiner at Seljord kommune ikkje har heilskapleg internkontroll for tilpassa opplæring. Seljord kommune har Compilo som sitt overordna internkontrollsystem. Med unnatak av at det blir nytta som avvikssystem for HMS, har skulesektoren i liten grad tatt Compilo i bruk som heilskapleg internkontrollsystem. Skulane nyttar systemet Moava for å sikre at naudsynte oppgåver gjennom året blir gjennomført som føresett. Gjeremåla er datofesta, det er peika ut kven som har ansvaret og dei er skildra med lenkje til lovverk og rettleiingar. Etter vår vurdering er dette eit egna verktøy for å sikre at oppgåver som til dømes ulike former for undervegsvurderingar og halvårssamtalar blir gjennomførde.

Skulane har ulike former for reglement, rutinar, malar og skjema på ulike plattformer. Nokre er felles for skulane, medan andre er lokalt utvikla. Etter vår vurdering bør skuleeigar gjere ei vurdering av kva for type dokument som skal vere gjeldande for heile kommunen, og kva som skal utarbeidast på kvar skule, og kvar tilsette skal finne slike dokument. De kan vere hensiktsmessig å i større grad å samle reglement, rutinar, malar og skjema i eitt system.

Ifølgje opplæringslova skal kommunen sørge for at skulane jamleg vurderer i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette. Kommunen sin deltaking i oppfølgingsordning i regi av Utdanningsdirektoratet kan vere eit god utgangspunkt for å kartlegge status for arbeidet i skulesektoren, og vurdere om det er behov for endringar. Styrking av internkontrollen kan vere eitt av fleire tema som bør vurderast.

Kommunestyret og fylkestinget skal ifølgje opplæringslova minst ein gong i året få informasjon om læringsmiljøet, læringsresultata og gjennomføringa til elevane i opplæringa.<sup>13</sup> Sist gong det blei lagt fram slik informasjon til kommunestyret var tilstandsrapport for grunnskulen for skuleåret 2022-2023. Kommunen bør sørge for at det framover for kvart skuleår blir gitt informasjon til kommunestyret.

### **Underevgsvurdering**

Etter vår vurdering har kommunen tiltak for å sikre systematisk og kontinuerleg underevgsvurdering i skulane. Løpande vurderingar av meistringsnivået til elevane skjer gjennom observasjonar i klasserommet og dagleg kontakt med elevane. Begge skulane har timeplanfesta korte elevsamtalar kvar veke. Dette er eit tiltak som gir høve til å forklare elevane korleis dei ligg an i høve til kompetansemål, men også til involvere elevane i vurderinga av eige arbeid. Tal frå vår spørjeundersøking, og enkelte tal frå elevundersøkinga kan indikere at det er forbettringspotensiale når det gjeld kommunikasjon med og involvering av elevane.

Skulane gjennomfører planmessig ulike testar og prøver gjennom året. I hovudsak meiner lærarane at skulane drøftar resultata frå desse, og at dei blir nytta i forbettringsarbeid. Ifølge tal frå spørjeundersøking nyttar lærarane resultata frå prøver/testar og dei nasjonale kartleggingsprøvene (1. og 3. trinn) for å tilpasse undervisninga. Det same gjeld dei nasjonale prøvane for 5., 8. og 9., men i noko mindre grad.

### **Halvårsvurderingar/utviklingssamtaler**

Vi meiner Seljordskulane har rutinar for å gjennomføre halvårsvurderingar og utviklingssamtalar i tråd med kravet i opplæringsforskrifta. På ein av skulane ligge det føre prosedyre/malar for gjennomføring av slike vurderingar, på den andre ikkje. Det kan vere hensiktsmessig å ha felles skriftlege rutinar for dette frå skuleeigars sin side. Svar i spørjeundersøkinga tyder på at lærarane gjennomfører utviklingssamtalane, og at dei i all hovudsak blir dokumenterte.

---

<sup>13</sup> Ny opplæringslov § 17-12

### **Intensiv opplæring**

Vi meiner skulane i Seljord har tiltak/rutinar for å vurdere om elevar har behov for intensiv opplæring. Vurdering skjer i den daglege kontakten med elevane og gjennom undervegs-vurderingar. Skulane har møter/arenaer der avvik frå normal progresjon til elevane og eventuelle tiltak blir diskutert. Skulane har litt ulik praksis med korleis dei gir intensiv opplæring. På den eine skulen blir det halde intensive kurs for elevane det gjeld, medan den andre skulen i hovudsak har tiltak integrert i den ordinære undervisninga. Kommunen kan ifølgje utdanningsdirektoratet sjølv vurdere korleis den intensive opplæringa skal gå føre seg.

Ifølgje vår spørjeundersøking seier praktisk talt alle at dei er *litt samde* eller *samde* i at skulene fangar opp elevar med behov for intensiv opplæring. Når spørsmålet gjeld om det er sett av nok ressursar til intensiv opplæring på skulen er svara litt annleis. Her dreier svara meir mot *litt samde* og det er nokre som er *litt usamde*. Eit fåtal er *samde* i at det er sett av nok ressursar.

## 5. Samarbeid med PPT

I dette kapitelet har vi sett på denne problemstillinga:

### Korleis er samarbeidet med PPT?

Seljord kommune si avtale om samarbeid med Midtre-Telemark PPT er nyleg etablert. Dette er difor ei beskrivande problemstilling, utan kriterium og vurderingar.

### 5.1. Samarbeid med PPT-data

Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) skal hjelpe barnehagar og skular med å leggje til rette for barn og elevar med behov for tilrettelegging. Formålet er at barna/elevane får eit inkluderande, likeverdig og tilpassa pedagogisk tilbod.

Seljord kommune har i fleire år fått levert pedagogisk-psykologiske tenester frå Vest-Telemark PPT IKS<sup>14</sup>. I 2024 blei organisasjonsforma i Vest-Telemark PPT IKS diskutert i både representantskapet og i kommunestyra i eigarkommunane. I juni 2024 (sak 56/2024) gjorde Seljord kommunestyre slikt vedtak:

1. *Seljord kommune går inn for å legge ned Vest- Telemark PPT som eit IKS selskap frå 01.01.2025*
2. *Kommunestyret ber kommunedirektøren gjere ei vurdering om tenesta kan vere i eigen regi med utgangspunkt i dei ressursane som Seljord kommune allereie har på dette området, samt dei midlane som kommunen i dag brukar på PPT-samarbeidet.*
3. *Kommunestyret ber kommunedirektøren vurdere eventuelt samarbeid med andre kommuner om PP- tenesta*

Ny sak om organiseringa av PPT-tenesta kom til handsaming i kommunestyret i november 2024 (sak 85/2024). Det blei gjort slikt vedtak:

1. *Kommunestyret går inn i interkommunalt samarbeid med Nome og Midt- Telemark pedagogisk- psykologisk teneste frå og med 01.01.2025.*
2. *Kommunestyret vedtek vedlagt samarbeidsavtale om vertskommunesamarbeid for pedagogisk- psykologisk teneste, Midt- Telemark er vertskommune og Seljord og Nome kommune er samarbeidskommune.*

*Kommunestyret ynskjer ei evaluering av samarbeidet i løpet av inneverande kommunestyreperiode.*

---

<sup>14</sup> Vest-Telemark PPT IKS var eigd av kommunane Fyresdal, Nissedal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje kommunar. Selskapet ble opplyst frå 1. januar 2025



*Vedtaket er fatta med heimel i kommunelova § 20-2 om administrativt vertskommunesamarbeid*

Seljord kommune blei med i Midtre-Telemark PPT frå 1. januar 2025. Midtre-Telemark PPT er eit vertskommunesamarbeid mellom kommunane Nome, Midt-Telemark og Seljord, med Midt-Telemark som vertskommune. Vertskommunesamarbeidet skal løyse dei oppgåvene som er lagt til PPT i opplæringslova §11-13 og barnehagelova § 33.

I den vedtekne samarbeidsavtalen mellom kommunane er det mellom anna slått fast at kommunestyra i samarbeidskommunane delegerer dei nemnde oppgåvene til kommunedirektøren i Midt-Telemark kommune. I Midt-Telemark kommune ligg PPT i linje under kommunalsjef for oppvekst. Tenesta er organisert i tre team:

- Småbarnsteam        0 år til 2. klasse
- Grunnskuleteam     3. klasse til 10. klasse inkl. vaksenopplæring
- Rettleiingsteam     Systemsaker – barnehage og skule

I tillegg til samarbeidsavtalen mellom kommunane skal det utarbeidast avtalar mellom PPT og dei ulike einingane i kommunen. Det ligg føre ein avtale mellom Midtre-Telemark PPT og barnehagane i Seljord. Vi får opplyst at det (pr 1. mai) ikkje er utarbeidd avtale for skulane i Seljord. Dette vil skje etter at nyttilsett rådgivar for barnetrinnet byrjar i stillinga i mai 2025, slik at vedkomande kan vere med på å forme ut avtalen.

Vi har fått informasjon frå leiar i Midtre-Telemark PPT om at det vil vere 12 tilsette i Midtre-Telemark PPT frå 1. mai 2025. To av desse er tilsett i samband med at Seljord blei med i det interkommunale samarbeidet. Dei to nye årsverka er tiltenkt Seljord kommune, men PPT vil fordele ressursane etter kompetanseområde på alder. Seljord får dermed tre PP-rådgivarar knytt til einingane sine:

- Ein rådgivar knytt til barnehagane
- Ein rådgivar til barnetrinn (2. trinn til 7. trinn)
- Ein rådgivar tilknytt ungdomsskule og førebauande opplæring for vaksne

Barnehagane har fast nærvær i skulane etter eigen plan, ca kvar sjette veke. Flatdal oppvekstsenter skule har besøk frå PPT annankvar tysdag, medan Seljord skule har besøk knytt til barnetrinn og ungdomstrinn kvar torsdag. Rektorane på dei to skulane og einingsleiar i Seljord barnehage stadfestar at det er avtale om fast oppmøte frå Midtre-Telemark PPT på skulane og barnehagane.

Vi får elles opplyst frå PPT at det blir lagt opp til fleire faste møtepunkt mellom PPT og einingane:

- Forum for systemretta arbeid i barnehagane (FSB). Fire faste møtepunkt per år.

- Det er fleire faste møtepunkt mellom pp-rådgivar og skulane. Dette er litt forskjellig ut frå behovet på kvar enkelt skule, men det blir m.a. gjennomført følgjande møtepunkt:
  - Tverrfagleg miljøteam
  - Samarbeidsmøte med Individuelle tilrettelagt opplæring-koordinatorar, leiinga og pp-rådgivar
  - Førebuande opplæring for vaksne (FOV)
  - Samarbeidsmøte mellom pp-rådgivar og FOV ca. kvar sjette veke.

Leiar i Midtre-Telemark PPT viser til at det har vore fleire møtepunkt med leiinga i kommunen i oppstarten av samarbeidet, men at det enno ikkje er etablert faste møtepunkt. Ho seier det er semje om at dette vil vere føremålstenleg på sikt. Vi får opplyst at det frå hausten 2025 er meininga at PPT vil vere representert på kommunalsjefen sin einingsleiarmøter.

Leiar i Midtre-Telemark PPT opplyser at tenesta er i gang med å gjere endringar for å imøtekome krava om at PPT skal jobbe meir førebyggjande og bidra til organisasjonsutvikling. Krava ligg i stortingsmeldinga «Tett på - tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO»<sup>15</sup> og den nye opplæringslova (frå 1. august 2024). Som eit ledd i dette skal PPT frå hausten 2025 gå i gang med sertifisering av tilsette i observasjonsverktøyet Classroom Assessment Scoring System (CLASS). Dette verktøyet er utvikla for å kartlegge og forbetre interaksjonar mellom vaksne og barn/lærer og elev. Verktøyet er tufta på omfattande forskning, som viser at kvaliteten på desse interaksjonane er avgjerande for den sosiale og faglege utviklinga til barn og unge. Bruk av observasjonsmetoden CLASS skal hjelpe PPT med å vurdere samhandlinga i barnegruppa og undervisningskvaliteten i klasserommet. På den måten kan ein betre rettleiinga og arbeidet i dei konkrete avdelingane/klassane. Gjennom Kompetanseløftet<sup>16</sup> har kommunen blitt introdusert for det teoretiske rammeverket Teaching Through Interactions (TTI) som er grunnlaget for observasjonsmetoden CLASS.

Midtre-Telemark PPT har avtale med KS Konsulent om bistand til innføring av ny opplæringslov for alle skulane som er knytt til tenesta. Nome og Midt-Telemark kommunar har allereie fått opplæring. Seljord kommune blir ifølge leiar for PPT involvert i dette arbeidet i juni 2025.

I spørjeundersøking bad vi lærarar på skulane om å ta stilling til nokre utsegn som gjaldt samarbeidet med PPT.

Tabell 12 Svarfordeling på utsegn om samarbeid med PPT

|                                       | Usamd | Litt usamd | Litt samd | Samd | Veit ikkje |
|---------------------------------------|-------|------------|-----------|------|------------|
| Skulen har eit godt samarbeid med PPT | 0     | 0          | 6         | 16   | 7          |

<sup>15</sup> Meld. St. 6 (2029-2020) Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO

<sup>16</sup> [Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderende praksis | udir.no](https://www.udir.no/kompetanseloftet-for-spesialpedagogikk-og-inkluderende-praksis)

|                                                                         |   |   |    |    |   |
|-------------------------------------------------------------------------|---|---|----|----|---|
| Eg kan få hjelp frå PPT i arbeidet med tilrettelegging av undervisninga | 0 | 0 | 12 | 12 | 9 |
|-------------------------------------------------------------------------|---|---|----|----|---|

N=29

I spørjeundersøkinga fekk lærarane også høve til å gi meir utfyllande kommentarar til samarbeidet mellom kommunen og PPT. Det var 14 som gav kommentarar. Frå alle blei peika på at samarbeidet var nytt, men samstundes var det ein samstemt positiv haldning til, og tru på samarbeidet med det «nye PPT».

## 6. Konklusjonar og tilrådingar

### 6.1. Konklusjonar

Seljord kommune har i hovudsak etablert system og rutinar som sikrar at elevar i grunnskulen får opplæring som er tilpassa deira evner og føresetnader så tidleg som mogleg.

#### Overgang frå barnehage til skule

Seljord kommune har system og rutinar for å sikre at barna får ein god overgang frå barnehage til skule.

Kommunen har *Plan for samarbeid om overgang frå barnehage til skule/SFO - barneskule – ungdomsskule i Seljord kommune*. Planen skildrar ulike tiltak gjennom året som skal gjere overgangen mest mogleg smidig. Vår undersøking viser at planen blir følgt. Informasjon om barna som skal begynne, både på individ og gruppenivå, blir gitt til skulane.

For nokre lærarar kan det sjå ut som informasjonsbehovet ikkje blir godt nok dekkja. Informasjonen er viktig for å kunne planlegge og legge til rette før eleven tek til på skulen.

#### System og rutinar for tilpassa opplæring

Kommunen har i hovudsak system og rutinar for å tilpasse undervisninga til elevane sine evner og føresetnader.

Vi meiner at Seljord kommune ikkje har heilskapleg internkontroll for tilpassa opplæring. Kommunen sitt overordna internkontrollsystem Compilo er i liten grad gjort gjeldande for skulesektoren. Skulane nyttar internkontrollsystemet Moava for å sikre at naudsynnte oppgåver gjennom året blir gjennomført som føresett. Etter vår vurdering er dette eit egna verktøy. Skulane har ulike former for reglement, rutinar, malar og skjema. Nokre er felles for skulane, medan andre er lokalt utvikla. Etter vår vurdering bør skuleeigar gjere ei vurdering av kva for type dokument som skal vere gjeldande for heile kommunen, og kva som skal utarbeidast på kvar skule.

Etter skuleåret 2022-2023 har ikkje kommunestyret fått informasjon om læringsmiljøet, læringsresultata og gjennomføringa til elevane i opplæringa i samsvar med kravet i opplæringslova. Kravet om årleg informasjon til kommunestyret gjeld både etter gammal og ny opplæringslov.

Skulane har tiltak for å sikre undervegsvurderingar i skulane. Løpande vurderingar av meistringsnivået til elevane skjer gjennom observasjonar i klasserommet og dagleg kontakt med elevane. Begge skulane har timeplanfesta korte elevsamtalar kvar veke. Skulane gjennomfører planmessig ulike testar og prøver gjennom året. I hovudsak meiner lærarane at resultata frå desse blir nytta i forbetningsarbeid på skulen.

Vår undersøking viser at Seljordskulane har system for halvårsvurderingar og utviklingssamtalar i tråd med kravet i opplæringsforskrifta. På ein av skulane ligge det føre prosedyre/malar for gjennomføring av slike vurderingar, på den andre ikkje. Det kan vere hensiktsmessig å ha felles skriftlege rutinar for dette frå skuleeigars sin side.

Vi meiner skulane i Seljord har tiltak for å vurdere om elevar har behov for intensiv opplæring. Vurdering skjer i den daglege kontakten med elevane og gjennom undervegsvurderingar. Skulane har møter/arenaer der eventuelt avvik frå normal progresjon til elevane og eventuelle tiltak blir diskutert. Skulane har litt ulik praksis med korleis dei gir intensiv opplæring.

## 6.2. Tilrådingar

Vi rår kommunen til å

- forsikre seg om at lærarane får tilstrekkeleg med informasjon om elevar som skal byrje på skulen, slik at dei kan planlegge og legge til rette før eleven tek til på skulen.
- arbeide for å få meir heilskapleg internkontroll med tilpassa opplæring, under dette oppfylle opplæringslova § 17-12 om evaluering og rapportering til kommunestyret.

## Litteratur og kjeldereferansar

### Love og forskrifter

Lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova).

Forskrift 17. juni 2019 nr. 904 om kontrollutvalg og revisjon

Lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)

Forskrift 3. juni 2024 nr 900 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringsforskrifta)

### Offentlege dokument

Meld. St. 6 (2019-2020) Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO

### Kommunens dokumenter

Kst.-sak 56/2024

Framtidig organisering av Pedagogisk Psykologisk Teneste

Kst.-sak 85/2024

PPT – framtidig drift av tenesta

Kst.-sak 21/2024

Tilstandsrapport for grunnskulen i Seljord 2022-2023

### Elektroniske kjelder

Utdanningsdirektoratet, [www.udir.no](http://www.udir.no), nettsider

# Vedlegg

## Vedlegg 1: Kommunedirektøren si fråsegn



**Seljord kommune**

Vestfold og Telemark revisjon IKS

Att.Dag Oftung

Dykkar ref:

Vår ref  
2025/23-59

Saksbehandlar:  
Rita Aafloy Bredesen, tlf.

Arkivkode:  
040

Dato:  
30.05.2025

### Høyringsvar – Forvaltningsrevisjon «Tilpassa opplæring», Seljord kommune

Seljord kommune viser til høyringsutkast til forvaltningsrevisjon om tilpassa opplæring, datert 12. mai 2025. Kommunen har gått gjennom rapporten og dei vurderingane og tilrådingane som kjem fram i utkastet.

Vi opplever at rapporten gir eit nyansert bilete av tilhøva i kommunen når det gjeld arbeidet med tilpassa opplæring, overgangen frå barnehage til skule og samarbeid med PPT. Dei innhenta data, vurderingane og konklusjonane er i stor grad i samsvar med kommunen si eiga erkjenning av status og utfordringar på området.

Med dette viser vi til at Seljord kommune ikkje har større merknader til det framlagde utkastet.

Vi takkar for eit grundig og gjennomarbeidd arbeid frå revisjonen si side.

For Seljord kommune

Rita Aafloy Bredesen  
Kommunalsjef Oppvekst

*Dokumentet er sendt elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi til:

Terje Haugland  
Ingunn Haugland

Brøløvsvegen 13 A  
Brøløvsvegen 13 A

Mottakarak av dette brevet:  
Vestfold og Telemark revisjon IKS

## Vedlegg 2: Revisjonskriterium

Ny lov om grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) tok til å gjelde 1. august 2024. I ny opplæringslov er reglane om tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging ført vidare med nokre få endringar.

*Tilpassa opplæring* inneber ifølge utdanningsdirektoratet at elevane skal få eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa uavhengig av føresetnader, og at alle skal få utnytta og utvikla evnene sine. Ifølgje Utdanningsdirektoratet er dette eit overordna prinsipp i skulen. Innanfor rammene av fellesskapet skal lærarane legge til rette slik at alle elevar skal få best mogleg utbytte av opplæringa. Tilpassa opplæring gjeld alle elevar, og skal i størst mogleg grad skje gjennom variasjon og tilpassingar til mangfaldet i elevgruppa innanfor fellesskapet. Skulen har plikt til å tilpassa opplæringa, men elevane har ikkje ein individuell rett til dette. Det betyr at kommunen ikkje skal gjere vedtak om slik tilpassing.

Elevar som har behov for tilrettelegging utover det ordinære tilbodet, har krav på særskilte tiltak som individuelt tilrettelagt opplæring, personleg assistanse og/eller fysisk tilrettelegging. Kommunen må gjere vedtak dersom det er behov for tilrettelegging ut over det ordinære tilbodet.

### Problemstilling

**Har Seljord kommune etablert system og rutinar som sikrar at elevar i grunnskular får opplæring som er tilpassa deira evner og føresetnader så tidleg som mogleg?**

Her vil vi mellom anna sjå på:

- samarbeid med barnehagane om å sikre god overgang frå barnehage til skule
- skulane sitt arbeid med å tilpasse undervisninga til elevane sine evne og føresetnader
- Korleis er samarbeidet med PPT?

### Overgang frå barnehage til skule

#### Lov om barnehager (barnehageloven)

Barnehagen si plikt til å samarbeide med skulen om overgangen frå barnehage til skule finn vi i barnehagelova § 2 a.:

*Barnehagen skal samarbeide med skolen om barnas overgang fra barnehage til skole og skolefritidsordning, jf. [opplæringslova § 4-7](#) og [privatskolelova § 5-5](#). Samarbeidet skal bidra til at barna får en trygg og god overgang. Barnehagen må ha tillatelse fra barnets foreldre for å utlevere personopplysninger om barnet til skolen.*

I **Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver** er det gjort nærare greie for overgangen mellom barnehage og skule.

*Barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skolen legge til rette for at barna kan få en trygg og god overgang fra barnehage til skole og eventuelt skolefritidsordning. Barnehagen og skolen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om*



*tilbudet til de eldste barna i barnehagen, deres overgang til og oppstart i skolen. Barnehagen må ha samtykke fra foreldrene for å dele opplysninger om enkeltbarn med skolen.*

*De eldste barna skal få mulighet til å glede seg til å begynne på skolen og oppleve at det er en sammenheng mellom barnehagen og skolen. Barnehagen skal legge til rette for at de eldste barna har med seg erfaringer, kunnskaper og ferdigheter som kan gi dem et godt grunnlag og motivasjon for å begynne på skolen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetiden på en god måte og møte skolen med nysgjerrighet og tro på egne evner. Barna skal få bli kjent med hva som skjer i skolen og skolefritidsordningen.*

I følge opplæringslova § 4-7 skal kommunen sørge for at barna får ein trygg og god overgang frå barnehagen til skulen og skulefritidsordninga.

**Med bakgrunn i dette har vi utleidd desse revisjonskriteria:**

- **Kommunen skal ha rutinar for å sikre barna ein trygg og god overgang frå barnehage til skule.**
- **Skulane skal få informasjon frå barnhagen for å sikre at barna får ein trygg og god overgang.**

### **Skulane sitt arbeid med å tilpasse opplæringa**

Kommunane skal ha internkontroll med administrasjonsverksemda for å sikra at lover og forskrifter blir følgde, jf. kommunelova § 25-1. Kommunedirektøren i kommunen er ansvarleg for internkontrollen.

Internkontrollen skal vere systematisk og tilpassa storleiken på verksemda, eigenart, aktivitetar og risikoforhold.

Ved internkontroll etter § 25-1 skal kommunedirektøren

- a. beskrive hovudoppgåvene, målet og organiseringa for verksemda
- b. ha nødvendige rutinar og prosedyrar
- c. avdekkja og følgja opp avvik og risiko for avvik
- d. dokumentere internkontrollen i den forma og det omfanget som er nødvendig
- e. evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll.

Ny lov om grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) tok til å gjelde 1. august 2024. Reglane om tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging ført vidare med nokre få endringar.

Kapittel 11 i opplæringslova handlar om tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging. I § 11-1 blir det slått fast at kommunen skal sørge for at opplæringa er tilpassa. Det vil seie at elevane får eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa uavhengig av føresetnader, og at alle skal få utnytta og utvikla evnene sine. Kommunen skal sørge for at lærarane følgjer med på utviklinga til elevane og melder frå til rektor dersom det er tvil om at ein elev har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, jf. § 11-2. Om det må til, skal skulen setje i verk eigna tiltak, jf. §§ 11-1 og 11-3. Skulen skal vurdere om tiltaka er nok til å gi eleven eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa, eller om eleven kan trenge individuell tilrettelegging etter reglane i §§ 11-4, 11-5 og 11-6.

I forskrift om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringsforskrifta) § 9-11 er det gjort nærmare greie for kva som ligg i undervegsvurdering:

*All vurdering som blir gjort før opplæringa er avslutta, er undervegsvurdering.*

*Undervegsvurderinga i fag skal vere ein integrert del av opplæringa, og ho skal tene til å fremje læring, auke kompetansen i faga og gjere opplæringa betre tilpassa den enkelte.*

*Undervegsvurderinga kan vere munnleg, skriftleg eller begge delar.*

*I undervegsvurderinga i fag skal elevar, lærlingar, lære kandidat og praksisbrevkandidatar*

- a. delta i vurderinga av sitt eige arbeid og reflektere over si eiga læring og faglege utvikling*
- b. forstå kva dei skal lære, og kva som blir venta av dei*
- c. få vite kva dei meistrar*
- d. få rettleiing om korleis dei kan arbeide vidare for å auke kompetansen sin.*

*Undervegsvurderinga skal brukast til å vurdere om elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, jf. opplæringslova § 11-2.*

Utdanningsdirektoratet er Kunnskapsdepartementet sitt utøvande organ for barnehage, skule og fagopplæring og skal setja opplæringspolitikken ut i praksis. I direktoratet sin *Rettleiar for tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging* finn vi råd og rettleiing i arbeid med tilpassa opplæring i skulen. Ifølgje rettleiaren skal tilpassingane i hovudsak skje innanfor fellesskapet. Skulen må sørge for at elevane opplever å høyre til og at dei er ein del av fellesskapet. Skulen skal jobbe aktivt for at elevane er inkluderte både fagleg og sosialt. Frå rettleiaren:

*Skolen må bruke handlingsrommet som ligger innenfor rammen av tilpasset opplæring, og sette i gang tiltak som fremmer læring og forebygger vansker. Hvilke tilpasninger den enkelte skole kan gjøre, avhenger blant annet av lærertetthet, lærernes kompetanse, pedagogiske praksis og skolens ledelse. Hvordan den enkelte kommune og fylkeskommune utnytter ressursene, er avgjørende for hvordan skolen kan legge til rette for tilpasset opplæring.*

*Skolen kan blant annet tilpasse opplæringen gjennom*

- arbeidsformer og pedagogiske metoder*
- bruk av læremidler*

- *organisering*

*og i arbeidet med*

- *læringsmiljøet*
- *læreplaner*
- *vurdering*

*Lærerne må bruke sitt faglige skjønn når de tilpasser opplæringen. Hvis skolen klarer å tilpasse opplæringen til et mangfoldig elevgrunnlag ved å sette inn egnede tiltak, vil flere elever kunne få tilfredsstillende utbytte av opplæringen uten å ha behov for individuell tilrettelegging.*

*Skolen må involvere elevene i vurderinger og valg ut fra hva som er hensiktsmessig ut fra for alderen, utviklingen og modenhetsnivået deres.<sup>17</sup>*

Forskrifta til opplæringslova seier at det skal gjennomførast halvårsvurderingar (§ 9-13) og at foreldre skal ha to utviklingssamtalar med kontaktlærer i året (§ 9-6). Tema for samtalane skal vera korleis eleven gjer det i dei ulike faga, korleis eleven arbeider på skulen og heime, og om den sosiale utviklinga til eleven.

Utdanningsdirektoratet peikar på at læreplanverket gir lærarane eit stort handlingsrom til å prøva ut ulike tiltak for å tilpassa opplæringa for elevane. I tillegg til å utøva fagleg skjønn hjå lærarane blir det peika på at det er mogleg å søkje støtte i læringsfellesskapen og i PP-tenesta. Vidare skal elevar og føresetja bli tekne med.

I opplæringslova § 11-3 er det krav om at kommunen skal sørgje for at elevar som står i fare for ikkje å ha forventet progresjon i lesing, skriving eller rekning, raskt får eigna intensiv opplæring. Omgrepet *intensiv opplæring* svarar til det som tidlegare blei kalla *tidleg innsats*. Intensiv opplæring er ei plikt for skulen, men er ikkje ein individuell rett for eleven. Dette betyr at kommunen ikkje skal gjere vedtak om intensiv opplæring. Føresega i § 11-3 gjeld elevar på 1.–4. trinn i grunnskulen.

I rettleiaren for tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging finn vi mellom anna dette om intensiv opplæring:

*Skolen må vurdere behovene til eleven og andre mulige tiltak i opplæringen for å finne ut hvordan de bør gjennomføre intensiv opplæring. Det er en pedagogisk oppgave å ta stilling til hvilke tiltak som er nødvendige og nyttige for den enkelte elev. Skolen kan ta i bruk ulike metodikker og didaktiske prinsipper.*

---

<sup>17</sup> Opplæringslova §§ 10-2 og 10-4

*Regelverket er ikke til hinder for å gi intensiv opplæring utenfor den ordinære klassen eller basisgruppen i kortere perioder, uten at eleven har vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring. For å ta eleven ut av klassen er det en forutsetning at dette er helt nødvendig for læringen til eleven. Skolen må ikke gi intensiv opplæring i egne grupper hvis de klarer å få det til uten å ta elever ut av klasserommet.*

*Målet med intensiv opplæring er at eleven oppnår forventet progresjon i lesing, skriving og regning. Hva som er forventet progresjon, må skolen vurdere ut fra faglig skjønn. Lærerne må se til kompetansemålene i læreplanverket, og måloppnåelsen i lys av hvor langt de har kommet i undervisningen av klassen. Det faglige skjønnet til den enkelte læreren og dialogen innen profesjonsfellesskapet ved skolene, er det viktigste for å få til god praksis.*

*Innen rimelig tid bør skolen se effekter av den intensive opplæringen som tilsier at eleven vil kunne følge forventet progresjon. Hvis ikke må skolen vurdere om de har behov for å endre opplegget, eller om eleven kan ha behov for individuelt tilrettelagt opplæring.*

**Med bakgrunn i dette har vi utleidd disse revisjonskriteria:**

- **Skuleeigar skal ha internkontroll som sikrar at opplæringa ved kvar enkelt skule blir tilpassa evnene og føresetnadene til elevane.**
- **Det skal gjennomførast systematisk og kontinuerleg undervegsvurdering.**
- **Det skal gjennomførast halvårsvurderingar og halvårlege elevsamtalar som skal dokumenterast.**
- **Skulen skal vurdere om elever har behov for intensiv opplæring.**

### Vedlegg 3: Metode og kvalitetssikring

Forvaltningsrevisjonen starta med oppstartsbrev 23. januar 2025. Vi hadde oppstartsmøte 14. februar 2025 med kommunedirektør, kommunalsjef for oppvekst, rektorar å skulane, einingsleiar for barnehagane i Seljord og hovudverneombodet i kommunen. I møtet presenterte vi prosjektplanen med problemstillingar, kjelder for revisjonskriterium og plan for gjennomføringa.

Forvaltningsrevisjonar skal gjennomførast på ein måte som sikrar at informasjonen i rapporten er relevant og påliteleg. Data er relevante (gyldige/valide) dersom dei skildrar dei forholda som problemstillingane handlar om. Om data er pålitelege (reliabilitet) handlar om at innsamling av data skal skje så nøyaktig som mogleg og at det ikkje har skjedd systematiske feil undervegs.

#### Innsamling av relevante og pålitelege data

Datainnsamling og rapportskriving har gått føre seg i perioden februar til mai 2025.

Nedanfor gjer vi greie for datagrunnlaget vårt og kva metodar vi har brukt for å svare på problemstillingane. Vi vil også beskrive kva tiltak som er brukt for å sikre at vi har relevante og pålitelege data.

I kapitel 5 ser vi på samarbeidet med PPT. Sjølv om det kunne vore utleidd kriterier til denne problemstillinga, har vi valt å gjere problemstillinga beskrivande. Dette fordi ordninga er så ny, og vi meiner det har liten verdi å revidera det gamle PPT-samarbeidet. Hensikten vil vere å gi kontrollutvalet ein status på om PPT og skulane har komme i gang med dei tiltaka dei planlegg.

#### Intervju

Vi har intervjuet kommunalsjef for skule og oppvekst, rektorane på skulane og einingsleiar for dei to barnehagane som ligg i Seljord sentrum. Desse er sentrale når det gjeld overgang mellom barnehage og skule og arbeid med tilpassa opplæring. Dei vi har intervjuet har fått høve til å faktasjekke/verifisere referat frå intervjuet. Vi har elles innhenta informasjon på e-post frå lærar med ansvar for intensiv opplæring på Seljord barne- og ungdomsskule, leiar for Midtre-Telemark PPT og styrar i barnehagen ved Flatdal Oppvekstsenter.

#### Dokumentgjennomgang

Vi har innhenta og gått gjennom dokument for å kartlegge kommunen og skulane sine rutinar. Sentralt har vore plan for overgang mellom barnehage og skule, Seljord barne- og ungdomsskule sitt informasjonshefte, verksemdsplanar, enkeltrutinar m.m. Dokumentasjonen er sendt til oss eller vi har funne den på kommunen sine nettsider. Vi har også hatt tilgang til skolesektorens internkontrollsystem Moava. Vi har ikkje vore inne i Visma og Teams for å sjekke om til dømes halvårsvurderingar er dokumenterte, sidan vi ikkje har undersøkt praksis.

#### Spørjeundersøking

Vi har hatt ei spørjeundersøking retta til lærarane på dei to skulane. På den måten har vi fått informasjon frå ei større målgruppe (i dette tilfelle lærarar på skulane). I ei spørjeundersøking får respondentane dei same spørsmåla, noko som sikrar konsistens i svara, gjer det lettare å

analysere data og samanlikne svar mellom grupper av respondentar. Spørjeundersøkinga var anonym, noko som kan føre til meir ærlege svar, særleg om sensitive tema.

Spørjeundersøkinga er sendt til adressatar frå lister med e-postadresser vi har fått frå dei to rektorane. Spørjeundersøkinga blei sendt ut til 44 respondentar. Vi har bedt rektorane om å informere om undersøkinga hjå lærarane, med oppfordring om å svare. Det blei sendt automatiske påminningar til dei som ikkje hadde svart undervegs. Vi fekk svar frå 29 lærarar på spørjeundersøkinga, noko som gir ein svarprosent på totalt 64. På Flatdal skule var svarprosenten 100, medan han på Seljord barne- og ungdomsskule var den 50. Enkelte av spørsmåla er «ruta», slik at berre eit utval av lærarane får spørsmålet (til dømes dei som jobbar med 1.- 4. trinn eller er kontaktlærarar). Det gjer at det kan vere få personar som har svara på enkelte av spørsmåla.

Vi meiner data som kjem fram i spørjeundersøkinga er egna til å peike på tendensar i haldningar og praksis hjå lærarane, men at det ikkje bør trekkast for bastante konklusjonar.

Intervju og spørjeundersøkingar er eigenrapportering frå respondentane. Svara kan derfor bli påverke av kva informantane i intervju og respondentane i spørjeundersøkinga huskar når dei svarar.

Vi har sjekka ut med administrasjonen at fakta i rapporten er korrekt framstilt. Kommunedirektøren har fått høve til å kome med fråsegn til rapporten, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 14. Fråsegna ligg i vedlegg 1.

## Personopplysningar

I samband med denne forvaltningsrevisjonen har vi berre behandla personopplysningar som namn og e-postadresse til tilsette i kommunen.

Vårt rettslege grunnlag for å behandle personopplysningar er kommunelova § 24-2 fjerde ledd.

Vi behandlar personopplysningar slik det er sagt i vår personvernerklæring. Personvernerklæringa er tilgjengeleg på vår nettside [vtrevisjon.no](https://vtrevisjon.no).

## God kommunal revisjonsskikk - kvalitetssikring

Forvaltningsrevisjon skal gjennomførast, dokumenterast, kvalitetssikrast og rapporterast i samsvar med kommunelova og god kommunal revisjonsskikk.<sup>18</sup>

---

<sup>18</sup> God kommunal revisjonsskikk i forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll kjem til uttrykk først og fremst i RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon og RSK 002 Standard for eigarskapskontroll. Gjeldande standardar er fastsett av Norges Kommunerevisorforbund sitt styre hausten 2020. Standarden bygger på norsk regelverk og internasjonale prinsipp og standardar, fastsett av International Organization of Supreme Audit Institutions (INTOSAI) og Institute of Internal Auditors (IIA).

Kvalitetssikringa skal sikre at undersøkinga og rapporten har nødvendig fagleg og metodisk kvalitet. Vidare skal det sikrast at det er konsistens mellom bestilling, problemstillingar, revisjonskriterium, data, vurderingar og konklusjonar.

Vestfold og Telemark revisjon IKS har eit system for kvalitetsstyring som er i samsvar med internasjonale standardar for kvalitetsstyring og -kontroll.<sup>19</sup> Denne forvaltningsrevisjonen er kvalitetssikra i samsvar med vårt kvalitetsstyringssystem og i samsvar med krava i RSK 001.

---

<sup>19</sup> ISQM 1 og 2 er internasjonale standardar for kvalitetsstyring og oppdragskontroll for revisjonsforetak som utfører revisjon eller forenkla revisorkontroll av rekneskap, eller andre attestasjonsoppdrag eller liknande tenester.



Vestfold  
og Telemark  
revisjon

# På vakt for felleskapets verdier

Rapporten er laga av  
Vestfold og Telemark revisjon IKS

Har du spørsmål til rapporten?

Ta kontakt med oss:

Telefon: 33 07 13 00

E-post: [post@vtrevisjon.no](mailto:post@vtrevisjon.no)

[www.vtrevisjon.no](http://www.vtrevisjon.no)

25: 4022 401